

Fylkeskommunen i Hordaland  
Agnes Mowinckels gate 5  
5008 BERGEN

**Vår ref:** 2018/2711-4  
**Saksbehandler/Direkte Telefon:** Trine Austigard Aadnevik/ 56 15 81 51  
**Deres ref:** 2017/14135  
**Dato:** 27.04.2018

## Høringsuttale til temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022

Askøy kommune viser til høring for Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022, med høringsfrist 1. mai. Askøy kommune har vedtatt en høringsuttale i Utvalg for teknikk og miljø, i utvalgsmøtet 19.04.18.

### Vedtak:

*Askøy kommune er positiv til sammenslåing av de to regionale styringsdokumentene til en samlet temaplan. Askøy kommune har ingen innvendinger til planen og tar høringsdokumentet til orientering.*

Forslaget til temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 er godt tilpasset de lokale utfordringene og tar opp viktige problemstillinger som også er aktuelle i Askøy kommune. Askøy kommune har tatt for seg temaplanen som følgende:

### Saksopplysninger:

Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 har høringsfrist 1. mai. Temaplan for landbruk i Hordaland er et viktig dokument som skal bidra til å sikre og videreutvikle landbruket i Hordaland. For å gjøre dette er det blitt satt tre hovedmål:

1. Styrke lønnsomheten i Hordalandslandbruket
2. Øke produksjonen på lokale ressurser
3. Forbedre rekrutteringen til landbruket

For å nå disse målene skal temaplanen følgende:

- Temaplanen sier at for å nå disse målene må fylket først og fremst ta vare på jordressursene, og viser videre til nedbygd 6158 dekar jordbruksjord i perioden 2004-2015 i Hordaland. Temaplanen legger opp til en reduksjon i nedbyggingen av

---

<b>Postadresse:</b> Klampavikvegen 1, 5300 Kleppestø	<b>Besøksadresse:</b> Klampavikvegen 1, 5300 Kleppestø	<b>Telefon:</b> 56 15 80 00	<b>Bank:</b> 6515.06.05509
<b>E-post:</b> postmottak@askoy.kommune.no	<b>www.askoy.kommune.no</b>	<b>Telefaks:</b> 56 15 83 90	<b>Org.nr:</b> 964 338 442

jordbruksareal og setter som mål at Hordaland skal maksimalt bygge ned 240 dekar jordbruksareal årlig.

- Temaplanen skal stimulere til økt verdiskaping i verdikjeden for frukt og bær, og økt bærekraftig produksjon av melk og kjøtt.
- Temaplanen skal bidra til tiltak som øker bærekraftig avvirkning og uttak av biomasse fra skog, samt øke bruk av trevirke. Planen poengterer at rett skogforvaltning bør tas inn som en del av klimatilpasning (skog kan ha betydelig flomreduserende og skredforebyggende effekt i bratt terreng).
- Temaplanen skal støtte opp om forskning og utvikling for å få frem ny kunnskap, driftsmetodikk og digitale løsninger tilpasset produksjoner og driftsforhold i Hordaland. Dette er blant annet et fokus som bygger på utfordringene knyttet til et endret klima som er varmere og våtere. Jordbruk er en av de næringene som vil bli mest påvirket av klimaendringene.

### **Temaplanen er fordelt på fire temaer:**

1. Areal og ressursgrunnlag
2. Økt lønnsomhet i nåværende produksjoner
3. Kompetanse og rekruttering
4. Drivere for endring

#### **1. Temaet Areal og ressursgrunnlag**

Temaet tar for seg nedbygging av jordbruksjord, og hvordan god og aktiv jordbruksdrift er det beste vernet av matjord. Det vises til utfordringer med mye leiejord, lange avstander mellom teigene og uforutsigbare og kortsiktige kontrakter. Temaet sier også noe om at det er nødvendig med en god arealpolitikk for at bøndene skal kunne drive fremtidsrettet planlegging. Det sies blant annet at en langsiktig arealpolitikk med «låsing» av areal til landbruksformål vil ta bort noe av risikoen ved å satse på landbruk. Det legges vekt på aktiv drift av jorden, rasjonell transport av fôr og gjødsel, store og sammenhengende jordstykker og langsiktige avtaler.

Fylkesmannen understreker at jordvern skal ligge inne som en premiss for kommuneplanleggingen, og at det skal gode og veldokumenterte grunner til for å omdisponere landbruksareal til andre formål. Temaet har følgende innsatsområder:

- *Vurdera kva tiltak som må gjennomførast for å redusere nedbygging av jordbruksareal i Hordaland og bidra til å realisere nasjonale jordvernmål.*
- *Styrke kommunane sin motivasjon for, og kompetanse om, framsynt arealplanlegging.*
- *Sikre gode planar for massehandtering basert på god agronomi i alle kommunar.*
- *Oppmuntre politikarar på kommunalt- og regionalt nivå til å gjennomføre jordvernkurs i regi av Fylkesmannen.*
- *Utvikle kommunane si rolle som rettleiar for utvikling av formelt gode og langsiktige leigeavtalar.*

Indikator: *Redusere nedbygging av jordbruksareal i Hordaland til maksimalt 240 dekar årleg.*

#### **2. Temaet Økt lønnsomhet i nåværende produksjoner**

Temaet tar for seg viktigheten av å se mulighetene til landbruket i Hordaland for å øke inntjening og lønnsomhet. Blant annet fokuseres det på at varenes gode kvalitet må formidles

bedre ut til sluttbrukeren. Temaet tar for seg markedsfordeler i hovedproduksjonene i Hordaland: grovfôrproduksjon, melk/storfe, frukt/sider/grønt, saueneæring, skog, bygdenæring og lokalmatproduksjon. Temaplanen trekker frem at ny teknologi, som «e-bjølla», gjør dyreholdet mer rasjonelt og mer tilpasset hverdagen til deltidsbøndene som det finnes mange av på Askøy. Temaplanen trekker også frem at økt kompetanse er et viktig ledd for å øke inntjeningen og lønnsomheten til produsentene i landbruksnæringen i Hordaland.

I 2017 var det overproduksjon av sauekjøtt som førte til lave priser for slaktedyr og negativitet i sauemiljøet. Temaplanen er allikevel positiv til at produsenter fremdeles trenger investeringsmidler for å bygge nytt og være konkurransedyktige. Kjøttprodukt fra sau og lam er ettertraktet og bør i større grad være tilgjengelig for forbruker i butikker hele året, noe som er et viktig punkt for å gjøre sauekjøttproduksjonen mer bærekraftig. Temaplanen sier at det bør brukes mer ressurser på produktutvikling. Ull blir også trukket frem som en spennende ressurs for nye innovasjoner. Dette er positivt for landbruket på Askøy, der flertallet av bøndene driver med sau. Temaet har følgende innsatsområder:

- *Følgje opp Regional matstrategi og tiltak forankra i UNESCO Creative City of Gastronomy med særleg fokus på auka lokal matproduksjon i relasjon til kultursektor, marin sektor og opplevingsbasert reiseliv.*
- *Bidra til auka bruk av lokalproduserte matprodukt i offentlege samanhengar, konferansar, kantinemat og mat til institusjonar.*
- *Stimulere til auka verdiskaping i verdikjeda for frukt og bær, og auke i berekraftig produksjon av mjølk og kjøt.*
- *Medverke til tiltak som aukar berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog, samt auka bruk av trevirke.*
- *Bidra til å styrke kompetanse og skape auka interesse for fornying og skjøtsel av skogen.*
- *Bidra til å heve kompetanse innan trebyggeri og legge til rette for meir trebasert industri i Hordaland.*
- *Legge til rette for urbane landbruksaktivitetar som kan bidra positivt til omdømmebygging for landbruksnæringa.*

Indikator: *Auke i produksjon av frukt, kjøt og skog. Auke i leveringsgraden for mjølk i Hordaland.*

### **3. Temaet *Kompetanse og rekruttering***

Temaet tar for seg hvordan økt kompetanse henger sammen med økt lønnsomhet. Det er positivt at det da poengteres at kompetansetilbudet må være tilpasset ikke bare heltidsbonden, men også deltidsbonden, som det finnes flere av på Askøy. Temaet tar også for seg utfordringer knyttet til eierskifte på gården. En viktig oppfordring som trekkes frem er å skape gode arenaer for konstruktiv dialog om generasjonsskiftet. Det fokuseres også på hvordan rekruttering av unge i flere målgrupper er en forutsetning for å kunne øke matproduksjonen og verdiskapingen. Ønsket om mer fritid og gode faglige nettverk er sentralt for at den nye bonden skal lykkes. Temaet viser til at et positivt, men realistisk, omdømme knyttet til landbruksnæringen er viktig for å dempe pessimismen og øke rekrutteringen til næringen. Temaet har følgende innsatsområder:

- *Støtte opp om eksisterande fadderordningar og vurdere om dei skal utvidast.*
- *Betre omdømet til næringa og få fram gode døme på unge bønder som lukkast.*
- *Jobbe aktivt for å synleggjere landbruket som karrierevei for ungdom og bidra til å auke rekrutteringa til utdanningsprogramma innafor produksjonsretta naturbruk.*
- *Stimulere til at fleire vel landsbruksrelatert høgare utdanning.*
- *Legge til rette for å rekruttere inn nye grupper til landbruket.*

- *Bidra til at landbruket er ei attraktiv næring for begge kjønn.*
- *Legg til rette for livslang læring for Hordalandsbonden.*

Indikator: *Auka talet på ungdom og vaksne tek agronom og gartner utdanning.*

#### **4. Temaet *Driverne for endring***

Temaet tar for seg at landbruket har en omstillingsevne og vilje til å ta i bruk ny teknologi og nye metoder. «Driverne» representerer endringer i kunnskaps- og kompetansebehov, men også muligheter for næringsutvikling og økt produktivitet i landbruket. Temaplanen viser til at urbanisering legger press på jordareal og jordressurser. Landbruket spiller en viktig rolle for urbanisering, for å skape gode byer som har behov for kunnskap og kompetanse knyttet til tekniske løsninger, planleggingskompetanse, kollektiv transport, effektive energiløsninger, matproduksjon m.a. Temaet viser til at Hordaland er på god vei inn i den pågående digitaliserings- og automatiseringsprosessen i industrisamfunnet. Ny teknologi som er tilpasset klimaendringene er trukket frem som viktige drivere for landbruksnæringen i Hordaland. Spesielt viktig er det (også for Askøy) at behovet for midler til grøfting og jordarbeiding i et våtere klima blir trukket frem i planen som en aktuell faktor for å sikre klimatilpasning i landbruket. Vedlikehold av jordkapitalen (forbedre grøfter/drenering) har vært for lite vektlagt over lang tid, og det er et etterslep som planen mener må tas igjen. Det er næringspotensial i å utvikle nye løsninger for å drive produksjon av mat på en måte som er mer tilpasset klimaendringene. Et ledd i klimatilpasningen i landbruket er å endre og øke tilskuddsordningene på dette punktet. Temaet fokuserer på mulighetene som det grønne skiftet gir for verdiskaping, spesielt med sikte på nye måter å utnytte biomasse på (som eksempel planter, dyr, fisk både i hav og på land). Temaet har følgende innsatsområder:

- *Støtte opp om forskning og utvikling for å få fram ny kunnskap, driftsmetodikk og digitale løysingar tilpassa produksjonar og driftstilhøve i Hordaland.*
- *Bidra til å redusera klimagassutslepp frå landbruket i Hordaland ved å støtte opp om landbruket sitt mål om å bli fossilfri innan 2030 og legge til rette for klimavenleg og miljøvenleg gjødselhandtering*
- *Legge til rette for samarbeid mellom landbruket i Hordaland og klynger og FoU miljø for stimulere til næringsutvikling innan bioøkonomi.*
- *Stimulera til internasjonalt, næringsretta samarbeid og erfaringsutveksling mellom anna gjennom ERASMUS+.*

Indikator: *Minst eit prosjekt årleg som bidreg til auka klimatilpassing for landbruket i Hordaland.*

#### **Gjennomføring og finansiering av temaplanen:**

Hordaland fylkeskommune har et overordnet ansvar for at det blir arbeidet med innsatsområdene i temaplanen. I praksis må gjennomføringen skje i nært samarbeid med mange aktører som Hordaland bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Fylkesmannen sin landbruksavdeling og Innovasjon Norge. Andre viktige samarbeidspartnere er næringsorganisasjoner, kommunene, veiledningstjenestene og FoU miljøene. De virkemidlene som Fylkesmannen sin landbruksavdeling og Innovasjon Norge rår over er også aktuelle finansieringskilder for gjennomføringen av temaplanen.

Temaplanen vil være styrende for deler av de regionale utviklingsmidlene som blir overført fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og midlene til rekruttering og kompetanse i landbruket. Midlene blir forhandlet frem under jordbruksoppkjøret og overført til fylkeskommunen fra Landbruks- og matdepartementet.

## Vurdering:

Temaplanen sier at for å nå hovedmålene er det viktig å ta vare på jordressursene. Askøy kommune har i sin samfunnsdel, gjennom arealstrategien, pekt på at landbruksarealene i Askøy er under press og attraktive som utbyggingsområder. Det fokuseres på at primærnæringen er viktig for verdiskaping og matproduksjon, og at opprettholdelsen av dyrkbar jord må være et ledd i beredskapen i forhold til klimautviklingen. I tillegg er det viktig å unngå gjengroing og nedbygging for å opprettholde kulturlandskapet.

Askøy kommune tilstreber å opprettholde sammenhengende jordbruksareal for å sikre gode driftsforhold for landbruksnæringen. Dette er temaet i den pågående rulleringen av kommuneplanens arealdel, og gjennomgangen av kjerneområdene for landbruk.

Nedbygd jordbruksjord blir oppsummert årlig i Askøy kommunes bærekraftregnskap og i KOSTRA-rapporteringen til Statistisk sentralbyrå. I bærekraftsregnskapet viser antall omdisponert jordbruksareal (dyrka/dyrkbar jord) per år, med tall fra 2005 og frem til i dag. Viser til tabell under:

Dyrka og dyrkbar jord omdisponert etter jordloven og plan- og bygningsloven													
År	År 2005	År 06	År 07	År 08	År 09	År 10	År 11	År 12	År 13	År 14	År 15	År 16	År 17
<b>Omdisponert (dekar)</b>	<b>1</b>	<b>36</b>	<b>211</b>	<b>1</b>	<b>58</b>	<b>25</b>	<b>15</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	<b>9</b>	<b>11</b>	<b>7</b>	<b>58</b>

De årene som stikker seg ut på Askøy er 2007, 2009 og 2017. I 2007 ble 211 dekar jordbruksjord omdisponert til golfbane på Herdla. I 2009 ble det nedbygd 58 jordbruksareal i forbindelse med utbyggingen av industriområdet på Horsøy. I 2017 ble det nedbygd 58 dekar hovedsakelig til veiformål. Fjell og Askøy er kommunene som har bygd ned mest i forhold til total prosent jordbruksareal i kommunen. Planen viser til AUD-rapport 12/17 *Nedbygging av jordbruksareal – Geografisk analyse av utsette jordbruksareal i Hordaland*. Hordaland fylkeskommune har mål om at maksimalt 240 dekar jordbruksarealer per år blir nedbygd. Tabellen viser at i 2017 stod Askøy for hele 24 % av det årlige målet til fylket.

## Konklusjon

Askøy kommune er positiv til sammenslåingen av de to regionale styringsdokumentene til en samlet temaplan for fylket. Forslaget til temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 er godt tilpasset de lokale utfordringene og tar opp viktige problemstillinger som også er aktuelle i Askøy kommune.

## Med hilsen

ASKØY KOMMUNE

Eva Herdlevær  
Leder plan og utvikling

Trine Austigard Aadnevik  
rådgiver miljø og landbruk

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

Bømlo Bondelag V / Runar Aga

Øyjordsvegen 19

5327 Urangsvåg

[Runar.aga@haugnett.no](mailto:Runar.aga@haugnett.no)

Hordaland Fylkeskommune

V / Heidi Bjønnes Larsen

[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

**Ref : 2017/ 14135 Uttale frå Bømlo Bondelag vedr. Høyring på Temaplan Landbruk i Hordaland 2018- 2022**

Bømlo Bondelag har handsama Temaplan for Landbruk i Hordaland 2018-2022 og har følgjande innspel :

- Bømlo Bondelag ser positivt på at det vert utarbeida ein regional Landbruksplan og støtta hovudmåla i planen.
- Me forventar at dette skal vere ei plan som må etterfølgjast , og ikkje kun vere rettleiande.
- Klimaendringar fører til stort press på grøftesystem og difor er det svært viktig å auka tilskotssatsane til grøfting.
- Mjølke og sauebruka og i Hordaland kan ikkje veksa i produksjon utover det som er forsvarleg utfrå arealressursane og ei berekraftig utvikling. Det er viktig å sikra at også vestlandsbruka får levedyktige kår og ei god økonomisk utvikling. Det er viktig å få brakklagde areal i drift att, og ikkje tillate at desse vert omdisponerte til andre føremål fordi dette vil gjera det vanskeleg å auke matproduksjonen.
- Rådgjevingstenesta i Landbruket vert endå viktigare i framtidslanbruket med auka klimautfordringar, og denne tenesta må sikrast også igjennom offentlege tilskotsordningar. Det er viktig å sikra at dei kommunale landbruksavdelingane har ressursar til å vere pådrivarar for ei god landbruksutvikling.

Med helsing

Bømlo bondelag

Runar Aga



Sak nr D- Vår dato: Vår referanse:  
26.04.2018 2008/1972-04610397/2018

Vår saksbehandlar: Direkte telefonnr.: Dykkar dato: Dykkar referanse:  
Njål Gunnar Slettebø 53 42 31 32

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## **BØMLO KOMMUNE SIN HØYRINGSUTTALE TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE SIN TEMAPLAN FOR LANDBRUK I HORDALAND 2018-2022.**

Bømlo Formannskap handsama Temaplan for landbruket i Hordaland 2018-2022 den 24.04.2018 sak 35/18. Formannskapet gjorde samrøystes slikt vedtak i samsvar med rådmannen sitt framlegg:

1. Bømlo kommune ser positivt på at Hordaland Fylkeskommune har laga temaplan for landbruket i Hordaland. Bømlo kommune sluttar seg til dei tre hovudmåla i planen om styrka lønnsemd i Hordalandslandbruket, auka produksjon på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket.
2. For å oppretta ein variert bruksstruktur i alle deler av Hordaland må det leggjast til rette for tiltak som kan halda oppe mjølkeproduksjonen og sauehaldet. Her er det viktig at Innovasjon Norge gir tilskot og lån til bønder i Hordaland som ynskjer å drive mjølkeproduksjon og sauehaldet vidare i mindre einingar.
3. Bømlo kommune merker seg at Temaplanen har mål om at årleg nedbygging av jordbruksareal i heile Hordaland må reduserast frå 560 daa til 240 daa. Dette er viktig målsetjing som kommunen vil legge til grunn i arbeidet med ny kommuneplan.

Saksutgreiinga og saksprotokoll frå møte ligg ved.

Med helsing  
Bømlo kommune

Njål Gunnar Slettebø  
Landbrukssjef

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*



Dato: 05.04.2018  
Arkivref: 2008/1972-8451/2018 / 046

Saksbehandlar: Njål Gunnar Slettebø  
53 42 31 32  
njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
35/18	Formannskapet	24.04.2018

## TEMAPLAN FOR LANDBRUK I HORDALAND 2018-2022. HORDALAND FYLKESKOMMUNE. HØYRING.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommune ser positivt på at Hordaland Fylkeskommune har laga temaplan for landbruket i Hordaland. Bømlo kommune sluttar seg til dei tre hovudmåla i planen om styrka lønnsemd i Hordalandslandbruket, auka produksjon på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket.
2. For å oppretta ein variert bruksstruktur i alle deler av Hordaland må det leggjast til rette for tiltak som kan halda oppe mjølkeproduksjonen og sauehaldet. Her er det viktig at Innovasjon Norge gir tilskot og lån til bønder i Hordaland som ynskjer å drive mjølkeproduksjon og sauehaldet vidare i mindre einingar.
3. Bømlo kommune merker seg at Temaplanen har mål om at årleg nedbygging av jordbruksareal i heile Hordaland må reduserast frå 560 daa til 240 daa. Dette er viktig målsetjing som kommunen vil legge til grunn i arbeidet med ny kommuneplan.

### Saksprotokoll i Formannskapet - 24.04.2018

#### Vedtak:

Formannskapet gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannens sitt framlegg.

#### Dokument i saka:

Brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 16.03.2018

#### Bakgrunn for saka:

I brevet frå Hordaland Fylkeskommune står det:



*Fylkestinget i Hordaland har vedteke å sende Temaplan for landbruk i Hordaland på høyring.*

#### *Innhald:*

*Det er tre hovudmål i Temaplan for landbruk i Hordaland, styrke lønnsemd i Hordalandslandbruket, auka produksjon av lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket. Innsatsområda i temaplanen er sortert inn under 4 tema: areal og ressursgrunnlag, auka lønnsemd i noverande produksjonar, kompetanse og rekruttering og drivarar for endring.*

#### *Informasjon*

*Planen ligg tilgjengeleg på [hordaland.no/temaplanlandbruk](http://hordaland.no/temaplanlandbruk).*

*Høyringsfrist er satt til 1.mai.*

Frå Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 tek me med samandraget:

*Hordaland fylkeskommune skal vere ein pådrivar for berekraftig samfunnsutvikling i fylket. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som leve i dag, utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine moglegheiter for å dekkja sine behov.*

*«Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» skal bidra til å sikre berekraftig vidareutvikling av landbruket i Hordaland. Det er tre hovudmål for planen: styrke lønnsemd i Hordalandslandbruket, auka produksjon på lokale ressursar og betre rekruttering til landbruket.*

*Skal Hordaland klare å nå desse måla må fylket ta vare på jordressursane. Utan jord og arealressursar blir det ingen mat produksjon og moglegheitene knytt til nye bionæringar blir redusert. I Hordaland er det i perioden 2004-2015 totalt bygd ned 6158 dekar. Av dette var 34 % fulldyrka jord. « Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» legg opp til ein reduksjon i nedbygging av jordbruksareal og set som mål at Hordaland skal maksimalt bygge ned 240 dekar jordbruksareal årleg.*

*Hordaland er eit grasfylke med stor grovfôrproduksjon. Dei viktigaste produksjonane er mjølk og kjøt. Fylket har og store fjellområder med gode beiter for sau. Hordaland er det fylket i landet som produserer mest frukt. Sider frå Hardanger er merka som beskytta geografisk nemning og både siderproduksjonen og talet på produsentar veks. I tillegg til råvareproduksjon satsar stadig fleire bønder på vidareforedling av eigne råvarer og lager ost, syltetøy, pølser, spekekjøtt og andre lokale spesialitetar. Dei fem største jordbrukskommunane i Hordaland er Voss, Kvinnherad, Ullensvang, Etne og Lindås. «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» skal stimulere til auka verdiskaping i verdikjeda for frukt og bær, og auka i berekraftig produksjon av mjølk og kjøtt.*

*Produktiv skog dekker 20 prosent av arealet i Hordaland. Skogen inneheld store verdier i tømmer og i potensialet for vidareforedling og trebasert industri. Skal desse verdiane takast ut er det behov for betre infrastruktur og auka kompetanse i heile verdikjeda. « Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» skal bidra til tiltak som aukar berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog, samt auka bruk av trevirke. Skog kan ha betydeleg flaumreduserande og skredførebyggjande effekt og bidreg til samfunnstryggleik. Rett skogforvaltning bør takast inn som ein del av klimatilpassing.*

*Naturbruksutdanninga på dei vidaregåande skulane er kjernen i kompetansen i landbruket. Framleis er det for få elevar som tek produksjonsretta naturbruksutdanning. Eit spesielt fokus på rekruttering til utdanningsprogramma er difor viktig. Agronom og gartner utdanning for vaksne*

*er eit etterspurd tilbod. Gjennomføringsgraden er høg for begge utdanningane. Livslang læring blir stadig viktigare i eit landbruk som byr på nye utfordringar og løysingar.*

*Klimaet endrar seg og blir varmare og våtare. Jordbruket er ei av næringane som vil bli mest påverka av klimaendringane. Det er viktig å sikre matproduksjon på lokale ressursar sjølv med endra klima. Hordalandslandbruket er omstillingsvillig og tek aktivt i bruk innovasjonar som robotar, digitale løysingar og sensorteknologi. Grønt skifte må skje ut frå areala og ressursane ein har til rådighet. Biomasse frå jord og skog kan legge grunnlaget for nye og spennande produkt som kan erstatte det svarte karbonet og bli ein viktig del av det grønne skiftet. Hordalandsbonden, med sitt areal og kompetanse er ein viktig del av det grønne skiftet i Hordaland. « Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» skal støtte opp om forskning og utvikling for å få fram ny kunnskap, driftsmetodikk og digitale løysingar tilpassa produksjonar og driftstilhøve i Hordaland.*

### **Vurderingar:**

Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune har laga temaplan for landbruket i Hordaland.

Me slutta oss til dei tre hovudmåla i planen om styrka lønnsemd i Hordalandslandbruket, auka produksjon på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket.

Det er bra at temaplanen tek opp dei utfordringane landbruket i Hordaland har med at 45% av jorda som er i drift er leigejord. Den største utfordringa knytt til leigejord er at kontraktane ofte er relativt kortsiktige. Manglande tryggleik for kor lenge ein har tilgang på leigejorda kan verke inn på motivasjonen til å ta over bruk og auke produksjonen. Det er rett som det står i planen at kortsiktige leigeavtalar lett går utover satsinga på grøfting og anna kvalitetsforbetring av jorda. Dette er tilhøve som kommunane også må ha fokus på.

Me slutta oss også til at kommunane bør etablere langsiktige prinsipp for arealbruken i samfunnsdelen til kommuneplanen.

I ein ny nasjonal jordvernstrategi vedteken i Stortinget 8.12.15 er det vedteke at taket på årleg omdisponering av dyrka mark nasjonalt skal vere på maks 4000 daa. I Hordaland er årleg nedbygging mellom 2004 og 2015 560 daa pr. år. I Temaplanen har ein sett som mål at nedbygging av jordbruksareal i heile Hordaland må reduserast til 240 daa. Dette er viktig målsetjing som også me i Bømlo må ta omsyn til i ny arealdel til kommuneplanen.

### **Mjølkeproduksjon:**

Det står i temaplanen at Hordaland har fått færre og større mjølkeproduksjonsbruk dei siste åra. Likevel har Hordaland små brukseiningar samanlikna med andre fylke. For å sikra produksjon på lokale ressursar må det leggjast til rette for mjølkeproduksjon og i mindre einingar. Dette er me einig i. Her er det viktig at Innovasjon Norge gir tilskot og lån til bruk i Hordaland som ynskjer å drive mjølkeproduksjon vidare i mindre einingar.

### **Sauehald:**

Det står i planen at over 70% av jordbruksbedriftene i Hordaland har sauehald. Sauehaldet er den viktigaste produksjonen i landbruket på Bømlo. I dag er det overproduksjon av sauekjøt. Nortura meiner at det ikkje rom for auke i produksjon av sau fram mot 2025 står det i planen.

I denne situasjonen bør det setjast inn større ressursar på produktutvikling av lam og sauekjøt.

### **Rekruttering:**

Dei fleste som tek over familiegarden eller går inn i jordbruket i Hordaland gjer det i vaksen alder. Mange av dei har anna utdanning frå før. For landbruket i Hordaland vil det vera avgjerande at bøndene er oppdaterte og har god kompetanse. Landbruket inneheld stadig meir varierte oppgåver, og kompetansetilbodet må utviklast i takt med samfunnet elles.

Vidare står det i planen at det er stor interesse for samling og nettbasert agronomutdanning for vaksne. Stend vidaregåande skule tilbyr 14 plassar for vaksen agronom. Hjeltnes vidaregåande skule har tilbod om utdanning for vaksne gartnarar. Dette er ei utdanningsform som bønder frå Bømlo også deltek på. Me meiner at denne typen utdanningsformer bør utviklast vidare. Dette vil gjere at dei som startar landbruksdrift kan skaffa seg kompetanse i tillegg til det dei har i anna yrke. Her kunne me gjerne sett ein større variasjon i kursopplegg t.d. helgesamlingar for nye sauehaldarar.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ansvar for gjennomføring av Temaplan landbruk i Hordaland ligg til Hordaland Fylkeskommune

#### **Oppsummering og konklusjon:**

Hordaland Fylkeskommune har laga «Temaplan for landbruket i Hordaland 2018-2022». Fylkestinget har vedteke å sende temaplanen på høyring med høyringsfrist 1.mai 2018.

Temaplan for landbruket i Hordaland skal bidra til å sikre og vidareutvikle landbruket i Hordaland. For å gjere dette er det satt tre hovudmål:

- styrka lønnsemd i Hordalandslandbruket
- auka produksjon på lokale ressursar
- betre rekruttering til landbruket.

Rådmannen sluttar seg til desse hovudmåla i planen.

For å sikra produksjon på lokale ressursar må det leggjast til rette for mjølkeproduksjon og i mindre einingar. Her er det viktig at Innovasjon Norge gir tilskot og lån til gardsbruk i Hordaland som ynskjer å drive mjølkeproduksjon vidare i mindre einingar.

Rådmannen merker seg at temaplanen har mål om at årleg nedbygging av jordbruksareal i heile Hordaland må reduserast frå 560 daa til 240 daa. Dette er ein viktig ambisjon for jordvernarbeidet som også Bømlo kommune vil legge til grunn i arbeidet med ny kommuneplan.



Dyrevernalliansen

Brenneriveien 7, 0182 Oslo  
(+47) 22 20 16 50

kontor@dyrevern.no  
www.dyrevern.no

facebook.com/dyrevern  
twitter.com/dyrevern

Org. nr.: 983 482 392  
Kontonr.: 0537 34 87378

Hordaland fylkeskommune  
hfk@hfk.no

Oslo, 30. april 2018

## **Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 – svar på høring – deres ref. 2017/14135**

Vi viser til høring om landbruksplanen og vil tillate oss å gi innspill på noen punkter som har å gjøre med dyrevern.

### **Kompetanse og rekruttering – pelsdyroppdrett**

Som fylkeskommunen er kjent med inneholder regjeringserklæringen mellom Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre en målsetting om å avvikle pelsdyroppdrettet i Norge innen 2025.<sup>1</sup> Regjeringen vil kompensere avviklingen for pelsdyroppdretterne. Utredningen av hvordan dette skal foregå, starter allerede i 2018.

Det er tre pelsdyrfarmer igjen i Hordaland fylke (Landbruksdirektoratet, 1. oktober 2017). Vi foreslår at det nevnes i planen at disse farmene vil inngå i regjeringens avviklingsplan. Det kan i denne sammenheng være mulig at de aktuelle pelsdyroppdretterne må rekrutteres inn i annen landbruksnæring. Dette vil blant annet avhenge av ressursene på det enkelte bruket og oppdretterens kompetanse og ønsker.

Vi foreslår at det legges til under "Innsatsområder" på s. 26:

"Avvikle gjestående pelsdyrfarmer i fylket."

### **Klimanøytralt landbruk – økt planteproduksjon av proteinrike vekster**

Et av flere tiltak for å bidra til klimanøytralitet, vil være økt planteproduksjon av proteinrike vekster. Dette gjelder både fôrproduksjon (for å redusere soyaimport) og matproduksjon (fordi konsum av plantekost er mer miljøvennlig enn kjøttkonsum).

Et mer klimavennlig landbruk er også et landbruk med bedre dyrevelferd. Satsing på volumproduksjon av kjøtt forutsetter intensiv avl og lite areal for kostnadseffektivitet. Slike rammebetingelser medfører adferdsforstyrrelser og produksjonssykdommer.

Det er mulig å øke planteproduksjonen på proteinrike vekster i Norge. "Ved å legge om dyrkingen mot energi- og/eller proteinrike vekster, ta i bruk dyrket mark som nå er ute av produksjon, samt agronomisk optimale vekstskifter, kan matproduksjonen målt som energi og protein på dagens dyrkede areal økes med om lag 16 prosent.", skriver forfatterne i sammendraget på rapporten "Økt matproduksjon på norske arealer".<sup>2</sup>

Vi foreslår derfor å nevne i planen at omlegging til planteproduksjon med proteinrike vekster vil være et klimatiltak.

Vi foreslår å legge til under "Innsatsområder" på s. 30:

"Støtte opp om omlegging til produksjon av proteinrike vekster."

### **Verdikjeda – dyrevelferd**

<sup>1</sup> Politisk plattform for en regjering utgitt av Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre. Jeløya, 14. januar 2018.

<sup>2</sup> Arnoldussen, A., Forbord, M., Grønlund, A., Hillestad, M., Mittenzwei, K., Pettersen, I., Tufte, T., Økt matproduksjon på norske arealer, Agri Analyse, Bioforsk, Bygdeforskning, NILF, Skog og landskap, 2014.



Dyrevernulliansen

Store deler av norsk husdyrproduksjon drives på nivå med minimumskravene i offentlig regelverk. Det finnes imidlertid eksempler på foregangsbønder som tilbyr dyrene betydelig bedre velferd gjennom tilpasninger i driften. Det kan være tiltak som bygninger som gir dyrene bedre mulighet for bevegelse (f.eks. løsdrift for verpehøns, kaldfjøs for småfe), bruk av ekstensive raser (f.eks. innen fjørfeholdet) eller andre tiltak.

Et eksempel er Homlagarden Økodrift i Nordheimsund. Gården har Norges eneste oppdrett av kalkun fra en mindre intensiv rase enn den vanlige kommersielle BUT-kalkunen, og er også den eneste produsenten som gir kalkunen utemuligheter.

Fylket bør stimulere til flere foregangsbønder av denne typen, og bidra til at de eksisterende fortsetter driften og sprer sin kompetanse. Dette punktet er også følgelig relevant under kapitlet om kompetanse. Det harmonerer også godt med eksisterende omtale av kommunikasjon om dyrevelferd ut mot forbrukere.

Vi foreslår å legge til under "innsatsområder" på s. 12:

"Støtte opp under primærproduksjon med bedre dyrevelferd enn minimumskrava i offentlig regelverk."

Med vennlig hilsen

**Live Kleveland**  
kommunikasjonsleder  
jurist

live@dyrevern.no  
90 68 57 38



Hordaland Fylkeskommune

[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

2017/14135

Vår dato

28. april 2018

Vår referanse

AM/DL

## HØYRINGSINNSPEL TEMAPLAN FOR LANDBRUK I HORDALAND

Me viser til høyringsside med utkast til templan for landbruk på [hordaland.no](http://hordaland.no). Fikse næringsutvikling representerer næringslivet i Etne på tvers av bransjar, og som ein av dei største landbrukskommunane i Hordaland er næringa i seg sjølv ein viktig bransje, i tillegg til ringverknadane den har i på andre bransjar. Som supplement til bransjeorganisasjonane sine egne innspel ønskjer me peika på nokre tema i planen:

- Areal og ressursgrunnlag
  - Det er viktig med vern av dyrka og dyrkbar jord og me støttar innstramming på nedbygging av dette. Me saknar likevel ein differensiert politikk på dette utover kva areal som er LNF-område, altså ei vektlegging av kva areal som faktisk er/kan nyttast til matproduksjon. Me meiner også krav til nydyrking/erstatningsareal er eit virkemiddel ein bør sjå på der det faktisk skjer nedbygging. Me er klar over at nydyrka jord ikkje har same kvalitet/produktivitet, men dette kan kompenseras med eit høgare høvestal enn 1:1.
  - Me oppfattar at planen omfattar bruk av leigejord først og fremst som eit problem, som bl.a. fører til kortsiktig planlegging og lågare investeringar. Me er samde i at kortsiktige leigeavtalar kan redusera investeringsviljen, men leige av areal i seg sjølv meiner me i mange tilfelle vil binda opp mindre kapital og vera ei betre økonomisk løysing for bonden enn kjøp av areal.
- Bioøkonomi skal vera eit satsingsområde i Hordaland, der landbruket vil vera ein sentral aktør særleg innan produksjon av biogass. Me stussar litt på at biogass i så liten grad er ein del av temaplan landbruk og meiner dette er eit tema som bør løftast i betydeleg grad.
- Me slår eit slag for enno større grad av differensiering av rammevilkår i landbruket, særleg ut frå dei ulike naturgitte føresetnadane. I enkelte område bør ein halda fram effektivisering og henta ut meir stordriftsfordelar, medan andre område i enno større grad bør få kompensert vanskjelegare driftsvilkår, blant anna for å halda i hevd naturlandskapet.
- Reiselivet er avhengig av levande lokalsamfunn og jorda i drift for å vera attraktive besøksmål. Ein må halda fram samarbeidet mellom desse næringane, men både landbruket og reiselivet treng folk i fulltidsstillingar for å utvikla produkt og kompetanse.



- Lokalmat blir stadig viktigare for landbruket, og ein bør jobba for å betra salgsarenaer for dette, både eigne og i ei kjededominert daglegvarebransje.



Asbjørn Moe  
Fikse Næringsutvikling SA

#### **Om Fikse Næringsutvikling**

Fikse Næringsutvikling er eit næringssselskap eigd av og jobbar for næringslivet i Vindafjord og Etne, og representerer interessene til 150 medlemsbedrifter i alle bransjar og storleikar, med samla årleg omsetnad på 15 mrd NOK, og 4000 arbeidsplassar.



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Utval for plan og miljø

**Møtestad:** Fjorden senter - 2.høgda

**Møtedato:** 02.05.2018

**Tid:** kl.09:00 - 10:00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.  
Saklista og sakspapir vart gjort tilgjengeleg elektronisk 23.04.2018.  
Møtet vart kunngjort på heimesida.

<b>Desse medlemene møtte:</b>	<b>Parti</b>
Agnete Digranes Årvik	Ap
William Sandven Lindborg	Ap
Magne Djuvik	Frp
Lars Erik Dalland	H
Herborg Borgen Nordtveit	Sp
Jan Birger Landøy	Sp
Gustav Folkestad	V

<b>Forfall</b>	<b>Parti</b>	<b>Møtande varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>
Turid Glesnes	Ap		
Ranveig Næss	H		

## **Frammøte:**

Ranveig Næss, H, hadde forfall, men ein lukkast ikkje å kalle inn vara for henne. Turid Glesnes, Ap, møtte ikkje.

## **Andre som var tilstades:**

Frå administrasjonen møtte:

Einingsleiar Terje Raunsgard

Landbrukssjef Øystein Svalheim

Plan- og bygningssjef Jan Egil Leirstein

## **Merknader til innkalling og sakliste:**



Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Magne Djuvik leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 2. mai 2018

---

Magne Djuvik  
Leiar

---

Jan Egil Leirstein  
Ansvarleg sekretær

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
027/2018	Uttale til Temaplan Landbruk

## **027/2018: Uttale til Temaplan Landbruk**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Uttale til Temaplan Landbruk vert vedteke slik den ligg føre i saka.

### **Utval for plan og miljø 02.05.2018:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med fylgjande punkt i tillegg:

- Landbruk har ein viktig funksjon som mottakar av sluttprodukt frå renseanlegg.
- Bondens ansvar for bruk og handtering av plast. Legge til rette for og hindre bruk av plast.
- Bygging av skogsbilveggar og oppfølging av desse.
- God og tydelig informasjon om viktigheten av og utfordringane i landbruksnæringa.
- Utvalet for plan og miljø viser til kommunens kommuneplan der 0 visjon vedrørande nedbygging av jordbruksland.
- Stimulere til omstilling og nyrekruttering

#### **UPM- 027/2018 Vedtak:**

Uttale til Temaplan Landbruk vert vedteke slik den ligg føre i saka - med fylgjande punkt i tillegg:

- Landbruk har ein viktig funksjon som mottakar av sluttprodukt frå renseanlegg.
- Bondens ansvar for bruk og handtering av plast. Legge til rette for og hindre bruk av plast.
- Bygging av skogsbilveggar og oppfølging av desse.
- God og tydelig informasjon om viktigheten av og utfordringane i landbruksnæringa.
- Utvalet for plan og miljø viser til kommunens kommuneplan der 0 visjon vedrørande nedbygging av jordbruksland.
- Stimulere til omstilling og nyrekruttering



30.04.2018

## Temaplan for landbruk i Hordaland Bergen

- Godt formål med temaplanen: å styrke lønsemda i landbruket i fylket, auke produksjonen på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket. Positivt!
- Kvifor skal planen gjelde for Hordaland fram til 2022, når det nye storfylket Vestland vert etablert 1. januar 2020? Kva med å lage ein felles plan?
- Høyringsutkastet er prega av særst dårleg nynorsk/orddelingsfeil, og dette gjer det vanskeleg å lese og forstå dokumentet. Kva med å lese korrektur før ein legg dokument på høyring?
- Temaplanen manglar ei liste over definisjonar av uttrykk, td. kva ein meiner med ord som til dømes grønt skifte, berekraftig, bioøkonomi. Fulldyrka jord er definert feil i planen.
- Saknar liste over referansar/kjelder til slutt i dokumentet.
- Hugs å kreditere fotograf for bilete som er brukt i dokumentet ( sjå lovdata om regelerk).

Med venleg helsing



Gerd Lithun

(cand.agric og tidlegare redaktør i nynorsk fagpresse)

Frå Gunnhild Grindheim, Bømlavegen 329  
5437 Finnås

Til Fylkesstyret i Hordaland  
ang. «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022»

Innhaldet i planen viser stor interesse for jordbruket i Hordaland.  
Dette innspelet sender eg som tilhøyrande «andre interesserte.»

Eg er oppteken av kva som er eit sunt kosthald.  
Den nye kommuneplanen i Bømlo set Folkehelse som eit overordna mål. Då er matproduksjon viktig.

For å oppnå god helse, må kjøt-forbruket ned. Mjølke og mjølkeprodukt er heller ikkje berre bra for helse.

Planen gjev inntrykk av at det er kjøt- og mjølkeproduksjon som mest lønsam for bøndene i Hordaland.

Det står lite i planen om grønsak-dyrking. På side 16 står det at dette var noko ein dreiv med «før»? Sett frå eit kosthalds-synspunkt er grønsakene betre for helse enn kjøt og mjølkeprodukt. Korleis skal ein få til eit lønsamt jordbruk med dyrking av grønsaker, frukt og bær utan å øydeleggja jorda med tunge maskinar, kunstig gjødsling og store mengder sprøytemidlar som inneheld gift? Også kjøt- og mjølkeproduksjonen kunne vel med fordel bli mein økobasert. Vi får alt no både kjøt, mjølk, ost og egg som er økologiske. Øko-jordbruk må løna seg. Det krev fleire folk i arbeid i jordbruket. Det er då eit spørsmål om å snu situasjonen slik at det går an å leva av økologisk jordbruk. Kanskje det kan bli færre på uføretrygd, og ikkje fullt så mange i byråkratiet.

No er det sånn at det må satsast på store fjøs som er drivne nærmast automatisk. Bøndene må låna store summar for å finansiera dette, og det er færre folk til å ta seg av dyra. Kan henda at desse bilete frå fjøs der dyra er vanskjøtta og døyande, heng saman med at bonden er åleine om stellet og ikkje orkar meir?

Stod det noko i planen om kylling og svin? Dei lever stort sett berre av for dyrka i andre land; vi har overproduksjon av svinekjøt, kyllingar står tett i tett i svære hallar og blir omtalte som «frittgåande», og et kraftfor til dei er slakteklare.

Er dette den beste måten å produsera mat på?

Alt dette angår landbruket; kan det vera eit forbedrings-potensiale her?

Landbruksdepartementet har styrt dette sidan Gunhild Øyangen frå Ap starta dette for bortimot 40 år sidan. Dei 2 siste ministrane sitt syn er større (og større?) einingar og meir kjøt. Her i Norge et me svinekjøt og drikk alkohol, sa S. Listhaug.

Er det slik me vil ha det?

Bømlo, 16.04.2018

**HORDALAND BONDELAG**

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Norge

Vår sakshandsamar  
Maria Makloufi Skjold

Vår dato  
25.04.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
18/00290-3  
Dykkar referanse  
2017/14135

## Høyring om Temaplan for landbruk i Hordaland

Hordaland Bondelag viser til høyring om temaplan landbruk 2018-2022. Vi meiner temaplanen er god. Den gjev mellom anna statusoversikt på viktige område som krev særleg merksemd.

For Hordaland Bondelag er det viktig at planen vert raskt vedtatt. Det opnar for vidare samarbeid om viktige utfordringar for næringa. Temaplanen har virketid 2018 - 2022, men Hordaland Bondelag ser gjerne at ein relativt raskt tek til med prosessen for ein ny Landbruksplan for «storfylket Vestland».

Vi er takksame for at næringa vart tatt tett med i planarbeidprosessen. Vi meiner dette har styrka planen, samstundes som det gjer at vi kjenner bakgrunnen for at sluttproduktet er blitt slik det er. Hordaland Bondelag ser dermed mindre grunn til å komme med konkrete innspel på innhaldet.

Nokre kommentarar vil vi likevel gi:

Ut frå den politiske handsaminga med spørsmål og kommentarar til planen, vil vi halde fram at når det gjeld fagleg innhald som spørsmål kring agronomi, plante- og dyrehelse/dyrevelferd så må ein halde seg til faginstansar som forskingsinstitusjonar og Mattilsynet. Miljøaktivistar og dyreverngrupper må gjerne bli høyrd, men ikkje som fagleg alibi.

Med venleg helsing

*Elektronisk godkjent, utan underskrift*

Kjetil Mehl  
Fylkesleiar

### Bondelagets Servicekontor AS

**Postadresse:**

Kokstadflaten 36  
5257 KOKSTAD

**Hordaland Bondelag**

Bondelagets Servicekontor AS

**Besøksadresse:**

Landbrukstunet, andre etasje  
5257 KOKSTAD

**Org.nr.:** 939678670

**Org.nr.:** 985063001 MVA

**Tlf:**

55 91 88 80

**Bankkonto:** 8101.05.12891

**Bankkonto:** 8101.05. 91392

**E-post:**

hordaland@bondelaget.no

**Internett:**

www.bondelaget.no/hordaland



Bjørnefjorden  
landbrukskontor

Fusa  
Tysnes  
Os  
Samnanger

Sakshandsamar:  
Øystein Svalheim  
95884074

Vår referanse:  
Arkivsaknr: 18/1006/ 2

Dykkar referanse:

Vår dato

16.04.2018

## Høyringsnotat frå Bjørnefjorden Landbrukskontor til Temaplan Landbruk frå Hordaland Fylkeskommune Notat frå administrasjonen

Fylkeskommunen sin referanse: 2017/14135

### Informasjon

Bjørnefjorden landbrukskontor har motteke Temaplan for landbruk i Hordaland på høyring frå Hordaland Fylkeskommune. Dette dokumentet er ein uttale som er utarbeidd av Bjørnefjorden landbrukskontor. Den vert sent til ordførarane og rådmennene i kommunane Fusa, Tysnes, Os og Samnanger for å få innspel frå politikarar og administrasjonar. Vi ønskjer innspel på om det er viktige ting de meiner bør med og eventuelt om det er ord og vendingar som må rettast. Planen vert ikkje sendt ut. Den må kvar av ei som skal lese den hente fram sjølv

Planen ligg tilgjengeleg på [hordaland.no/temaplanlandbruk](http://hordaland.no/temaplanlandbruk) her:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2018/temaplan-for-landbruk-ut-pa-hoyring/>

Kontaktperson er Heidi Bjønnes Larsen [heilars@hfk.no](mailto:heilars@hfk.no)

### Høyring

Innspel til alle delar av temaplanen er velkomne. Innspel skal merkast med 2017/14135 og sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) eller Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen. Meir informasjon er tilgjengeleg på [hordland.no/temaplanlandbruk](http://hordland.no/temaplanlandbruk)

Høyringsfrist er satt til **1.mai**.

Fusa kommune:  
Bjørnefjorden  
landbrukskontor  
Postboks 24  
5649 Eikelandsosen

Vegadresse:  
Kommunetunet, Leiro 31  
5640 EIKELANDSOSEN

Telefon: 56580100  
[post@fusa.kommune.no](mailto:post@fusa.kommune.no)  
[www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no)

Org.nr. **964 968 896**  
Bankgiro: **3420 07 00920**



## Høyringsnotat til Temaplan for Landbruk i Hordaland 2018 – 2022

### Innleiande kommentarar:

Temaplanen verkar som eit godt arbeidsdokument for å setje agenda for fylkeskommunen sitt politiske arbeid dei neste 4 åra

Temaplanen peikar på kva fylkeskommunen vil prioritere å arbeide med i perioden  
Det er definert **tre hovudmål**:

1. Styrka lønsemd i Hordalandslandbruket
2. Auka produksjon på lokale ressursar
3. Bättre rekruttering til landbruket

I innleiinga(to kapittel: «Kort om temaplan...», Berekraft i landbruket globalt, nasjonalt og lokalt)...  
vert det gitt ei situasjonsskildring som forklarar kvifor det er valt ut **fire tema** det må arbeidast  
med for å nå desse tre måla Dei fire tema har fått kvart sitt kapittel i planen:

1. Areal og ressursgrunnlag
2. Auka lønsemd i noverande produksjonar
3. Kompetanse og rekruttering
4. Drivarar for endring

I slutten av kvart kapittel er det sett opp ei oppsummering i tekstboksar, kvar med ei liste over  
Innsatsområder og ein indikator (kva for resultat ein skal sjå etter for å avgjere i kva grad ein har  
nådd måla)

Planen vart diskutert av landbrukskontoret måndag 9. april, og kommentarane som kom fram er  
tekne med nedanfor.

Ein kommentar vi ikkje fann ein naturleg plass til i planen var at vi sakna ei skildring av kva  
kommunereforma kan få å seie for korleis prioriteringane må tilpassast nye kommune- (og  
region-) strukturar, og korleis ansvarstilhøve og arbeidsoppgåver vert fordelte mellom dei nye,  
samanslegne administrasjonane hos fylkeskommune og fylkesmann. På regional samling med  
landbruksavdelinga hos Fylkesmannen (11/4) kunne til dømes fylkeslandbrukssjef Åse Vaag  
melde at fleire av oppgåvene som Fylkesmannen til no har hatt ansvar for vert overførte til  
Fylkeskommunen, mellom anna oppgåver knytt til næringsutvikling innan landbruket. Dette kan  
gje fylkeskommunen større rom for å styre bruken av verkemidlar og utviklinga i landbruket i  
Hordaland.

### Areal- og ressursgrunnlag

Jordvern – nedbygging gjennom plan og dispensasjonar i enkelttiltak må reduserast

Driveplikt – Korleis skal grunneigarar som ikkje driv sjølv kunne oppfylle driveplikta viss drifta er sett ut til andre, som etter, kanskje eit langt og arbeidsamt liv som bonde, til slutt legg ned drifta og det ikkje er andre drivarar i rimeleg nærleik som kan overta drifta? Skal dei stimulerast til å selje til unge, nye bønder som er interessert, eller skal dei kunne sjå bort frå driveplikta og overlata garden som feriestad til etterkommarane?

Ein bør stimulere til fleire skriftlege jordleigeavtalar. Det er veldig mange som har lite robuste, munnlege jordleigeavtalar. Leigetakar er ofte heilt avhengig av leigejorda. Gjennomsnittleg dyrka areal for ein gard i Hordaland (som vert drive næringsmessig) er ca. 35 dekar, mens landbruksføretaket som held til på garden brukar om lag 135 dekar – altså er han, for å kunne oppretthalde drifta, avhengig av 100 dekar leigejord. Det er difor særst viktig for bøndene som leiger at vilkåra er føreseielege og langsiktige. Dette er naudsynt for at det skal vere forsvarleg og finansierbart med investeringar på leigejorda. Ei satsing for å stimulere til skriftlege avtaler vil styrke Hordalandsjordbruket

Jordvernet må styrkast og målet om å ikkje omdisponere meir enn 240 dekar dyrka jord til andre føremål enn landbruk er ganske ambisiøst. Det kunne gjerne vore med at der ein ikkje ser andre løysingar enn omdisponering av dyrka mark, må det finnast andre areal som kan nyttast til å etablere tilsvarande ny jordbruksjord

Sentrumsnær utbygging skjer ofte på dyrka jord. Dette må redusertast til eit minimum. Noko kan gjerast i planarbeidet i kommunane gjennom til dømes særleg omsyn til større samanhengande «Kjerneområde for landbruk». Dette er fruktbare område med stor verdi både som kulturlandskap og som produktive areal. Publikum si forståing av kva som er dyrka areal kunne og trenge og oppdaterast. Vi høyrer rett som det er at «Nei, på det stykket har det ikkje vore dyrka på mange år» samstundes veit vi på landbrukskontoret at arealet har vore nytta til grovfôrproduksjon. Det er ikkje berre potetar og guleroter som tel på areal i drift. Forståinga av at gras også er eit viktig jordbruksprodukt kunne gjerne vore styrka

## Auka lønsemd i noverande produksjonar

### Grovfôr og mjølk/storfe

Mjølkk og storfekjøttprodusentar er oftast dei største jordbruksføretaka og dei med best lønsemd. Det er desse som har den største trongen for grovfôr. Grovfôret vert hausta både gjennom beiting og slått. Dei siste vekstsesongane har vore særst våte, og no, våren 2018 er det mange som slit med å skaffe nok grovfôr. Vi ser vel aller tydelegast i grovfôrproduksjonen kva for utfordringar vi kan vente oss som resultat av auka årsnedbør og ekstremvær. Det må satsast på god agronomi, dyreavl og planteforedling for å ha eit tilpassa landbruk med høg produktivitet også i framtida. Mange enger vart sundkøyrd med tung reiskap på våt jord i fjor og mange beiteareal vart sundtrakka. Vi treng betre drenering, tilpassa grovfôrplanter som produserer sjølv på våte somrar og gjer gras med høg fôrverdi og som held seg friske gjennom mildare vintrar enn før. Vi må nytte husdyrgjødsel på ein miljøvenleg måte som nyttar næringsemna godt. Vi treng å ta i bruk reiskap som kan hauste grovforet på ein effektiv og skånsam måte sjølv om det er vått. Satsing på riktig storferase vil og kunne redusere sundtraking av og avrenning frå beite, både i innmark og utmark. Her har vi kanskje eit argument for å ta inn igjen gamle raser i produksjonen, særleg av storfekjøtt.

Det bør stimulerast til betre utnytting av beiteressursane. Mange areal blir ekstensivt drive eller ligg unytta, noko som fører til attgroing, samstundes som bønder i nærleiken har trong for meir fôr. Ei tilrettelegging for betre utnytting av beiteressursane, også på tvers av eigedomsgrensene burde vere eit innsatsområde.

Frukt sider og grønt – Her er ikkje bær med i overskrifta. Det bør med sidan det vert sagt i kapitlet at «Hordaland er ein sterk region på frukt og bær» I dei fire Bjørnefjord-kommunane har det vore ein del jordbærprodusentar tidlegare, som har slutta, men dei seinare åra har vi sett

mange nye satsingar på bringebær. Fornya satsing på bringebær og nye produkt, som t.d. bjørnebær hageblåbær og andre, kan vere aktuelle og ei satsing på bær verkar å vere i tida. Då må kompetanseinstitusjonar og kurstilbod vere oppdaterte, og det må satsast. Når det gjeld satsing på nye produksjonar er klimatilpassing eit nøkkelord som må vektleggjast i planlegginga til bøndene i samarbeid med rådgjevarar. Utvikling av metodar og sortar må få stor merksemd innan forskning, utvikling, rådgjeving og utdanning. God agronomi og plantehelse i eit klima i endring er avgjerande for å lukkast i framtida.

I Bjørnafjordområdet har vi berre eit par- tre bønder som satsar på frukt. Dette er nye satsingar innan produksjonar vi tradisjonelt har hatt lite av. Endra klima vil kunne gjere det som tidlegare ikkje var lønsamt interessant på nytt. For å lukkast må ein vite kva for sortar som kan nyttast, kva for tiltak mot sjukdom og skadedyr som trengst og kva for agronomiske metodar som er egna. Her vil truleg Landbruksrådgjevinga spele ei viktig rolle.

Det har tidlegare vore grønsaksproduksjon av ein viss storleik i området vårt. Dei siste tre-fire åra har minst to bønder starta med ny grønsaksproduksjon, ein av dei økologisk. Her er òg potensiale for auka volum og fleire produsentar. Grønsaksproduksjon er arbeidskrevjande, men kan gje større omsetning (og truleg òg inntening) per arealdel enn mange andre produksjonar. Kompetansebygging gjennom rådgjeving og økonomiske verkemidlar kan vere avgjerande for å lukkast.

Satsing på marknadsføring gjennom bruk av «beskytta geografisk nemning» og anna spesialitetsmarknadsføring syner seg, innan både frukt og bær og foredla produkt frå kjøt og mjølk, å kunne gje større verdiskaping per arealdel enn dei store volumproduksjonane. Dette tyder at også små gardar vil kunne ha ei økonomisk berekraftig produksjon om det satsast rett. Her er enno eit døme på trong for satsing på kompetanse og økonomiske hjelpemidlar.

### Sauenæring

Næringa har i dag ei utfordring med dårleg lønsemd. Det verkar å vere større tilbod enn etterspurnad og dette gjer seg utslag i det som vert definert som overproduksjon. Om vi tar dømet sau, vert det i dag sagt at vi har overproduksjon.

Spørsmålet er om løysinga er å redusere produksjonen for å få kontroll med mengda lammekjøt på lager. Om nordmenn åt eitt måltid meir med sauekjøt i året vil det auke konsumet med mellom 20 og 40%. Dette illustrerer at auka marknadssatsing, satsing på å påverke forbruksvanane, kan være vel så viktige tiltak for å motverke «overproduksjon» som det vil vere å redusere talet på lammeslakt. Her er det stort rom for innovasjon, både når det gjeld produktutvikling og styrka marknadsføring. Arbeid med å utvikle spesialiserte kjøtprodukt basert på ulike eigenskaper hos ulike saueraser er i gang og bør kunne følgjast opp.

Eit produkt frå sauenæringa som dei siste 50 åra har fått særskilt dårleg lønsemd er ullproduksjon. I dag er det så ille at ulla i mange tilfelle vert rekna som eit avfallsprodukt. I lys av nyhendeoppslag dei siste par åra om problemet med plastavfall på vidvanke, vil det dei komande åra bli eit auka fokus på å kutte i bruk av plast. Dette inkluderer òg alle typar kunstfiber. Kvar gong vi vaskar ei fleecjakke eller ei stretch-treningsbukse slepp vi ut tusenvis av mikroplast-partiklar og fiberbitar til sjøen via avlaupsnett. Ull er eit naturprodukt som vert brote ned i naturen. Sjølv om ull har vore produsert og brukt på vestlandet i tusenar av år er det store mogelegheiter for forskning og utvikling innan nytting av ull – sikkert og til føremål om ingen har tenkt på i dag. Ull som råvare til nye produkt vil kome, men ikkje utan at det vert satsa på FoU og produktutvikling. Med ei slik satsing vil Ull igjen kunne bli eit viktig produkt for vestlandsbonden. Ein type tiltak som kan gjerast på kort sikt er å sjå nærare på ulike ullkvalitetar frå ulike rasar. I lag med val av raser ut frå prisen på ulik kjøtkvalitet kan dette gje utvikling av raser med betre lønsemd.

Innovasjon Noreg vel , sjølv om det i dag er overproduksjon av sau, å halde fram med å gje støtte til investeringar på sau, mellom anna fordi Hordaland heng etter i moderniseringa av produksjonane samanlikna med resten av landet.

### Skog

Rundt Bjørnafjorden merka vi godt følgjene av ekstremveret Nina i januar 2015. Dette slo til på ei tid då skogen som vart planta etter krigen byrjar å bli hogstmoden. Som resultat av oppryddinga etter stormen vart uttaket i Tysnes og Fusa femdobla på eitt år. Etterpå har ikkje produksjonen falle ned på det gamle volumet. Denne utviklinga er venta å halde fram. Trongen for infrastruktur til å frakte ut tømmeret er stor, og også her er det trong for innovative løysingar. Mykje av skogen som no vert hogstmoden vart planta på stader vi framleis har problem med å få den ut med bil på skogsveggar.

Klimatilpassing og nye miljøomsyn gjer og at det må satsast på kompetanse. Det er trong for andre vurderingar enn tidlegare ved val av kor det skal plantast og kva som skal plantast. Det er viktig for eit økonomisk og miljømessig berekraftig skogbruk at det vert satsa på nyplanting. Her også vil rådgjevingstenestene vere viktige for å utvikle skogbruket i rett retning.

### Bygdenæring og lokalmatproduksjon

Her fann vi lite å kommentere. Vi er samde i at det er eit stort unytta potensiale innan desse områda, og det bør framleis stimulerast til innsats rådgjeving og investeringar innan turisme, lokalmat, Inn-på-Tunet og ander opplevingar på garden.

### Innsatsområder –

Her burde Inn På Tunet vore nemnt. Dette kan vere eit viktig tillegg til vanleg drift, og i fleire høve er det ønskje om å ha IPT som den primære inntektskjelda på bruket. Fylkeskommunen bør kunne stimulere til satsing på utvikling og etablering av IPT gardar, særleg sidan Fylkeskommunen òg har tettare band til dei vanlegaste kundane til IPT føretaka enn det fylkesmannen har hatt til no. Det har synt seg utfordrande for mange IPT tilbydarar å få gode avtalar med offentlege brukarar av tilboda. Desse er t.d. Barnehagar, Skular, eldreomsorg, arbeidstreningstilbod, psykiatri og fengselsvesen. Ei tilrettelegging slik at desse tilboda i større grad vart nytta av offentlege kundar ville betre økonomien og lette arbeidet med IPT. Satsing på ull bør vere med som innsatsområde

(Innovasjon Noreg vil , sjølv om det i dag er overproduksjon av sau,) halde fram med å gje støtte til investeringar på sau,( mellom anna) fordi Hordaland heng etter i moderniseringa av produksjonane samanlikna med resten av landet.

## **Kompetanse og rekruttering**

Satsing på kompetanse løner seg. Unge og vaksne bønder treng både opplæring og oppdatering, og alt som kan bidra til auka kompetanse er ein fordel for landbruket. Vi meiner at rådgjevingstenestene i landbruket bør nyttast meir enn i dag. Norsk Landbruksrådgjeving er eit medlemskapsbasert tilbod, men finansieringa er stram. Ei tilrettelegging for utvida bruk av deira og liknande tenester vil føre til at nye, oppdaterte agronomiske metodar vert tekne i bruk. Kanskje særleg for dei små bruka er det viktig å nytte dei ressursane garden har fullt ut. Det vil gje betre agronomi, betre lønsemd og mindre miljøpåverknad frå landbruket

Dette er godt dekt i Temaplanen

### Generasjons- og eigarskifte

Det er eitt tema som stadig er ei utfordring når det gjeld generasjonsskifte og rekruttering. Den gamle bonden som overlèt garden til neste generasjon er ofte ikkje interessert i å flytte frå livsverket sitt, sjølv etter at ein ny generasjon har teke over. For både avtroppande og påtroppande bonde vert det dermed eit ønske om å bu på garden. Gjeldande lovverk et tilbakehaldande når det gjeld bygging av hus nr 2 på garden, ein kår bustad. Problemet har ofte vore at ein berre ser trongen for kår bustad i ein avgrensa periode under kvar generasjon på garden. Ved overtakinga vil både ung og gamal gjerne bu på garden, femten år seinare er dei gamle falle frå og dei unge ser «gamlahuset» som ei økonomisk byrde. Då søkjer dei om å få dele frå og selje . Så går det nye femten år og neste generasjon treng bustad. På sikt fører dette

til at garden sine ressursar skallar av med kvar nye generasjon. Dette er ei utfordrande problemstilling som ein bør arbeide med å finne gode løysingar på. Ei anna utfordring gjeld alle dei som ikkje har ein slektsgard å ta over. Det er få landbrukseigedomar ute for sal på den opne marknaden, og mange nedlagde og fråflytta bruk står ubrukte og vert vanskjøtta. Eit av dei mest nytta søkjeorda på Finn er «småbruk». Endringane i Odels-, jord-, og konsesjonslovene har så langt ikkje løyst desse utfordringane. Vi ønskjer drift, jordvern, sjølvberging, nytting av ressursane og busetnad, men det verkar vanskeleg å kombinere alt dette på ein god måte. Arbeidet med å finne løysingar på desse problema må halde fram.

Dei seinare åra har vi sett ei endring i publikum sin respekt for bonden. TV-seriar som «Farmen», «det gode bondeliv», «oppfinnaren» saman med den auka interessa for kortreiste matprodukt og regionale og lokale spesialitetar gjer at det i dag er lettare å finne forståing for utfordringane landbruket har. Ein må fortsette å bidra til framsnaking av næringa, og arbeide med promotering og bruk av lokale landbruksprodukt.

## Drivarar for endring

Dette kapitlet tek føre seg forhold til Klima, men og andre endringar vi ser føre oss innanfor landbruket.

Tekniske løysingar som t.d. robotisering, elektronisk gjeting og liknande. Vert utvikla i stor fart. Lettare landbruksmaskiner er under utvikling og det vert gjort mykje norsk utviklingsarbeid som kan gjere landbruket på vestlandet enklare og forhåpentleg meir lønsamt og lettare å rekruttere til.

Klimaendringar er noko vi høyrer om heile tida. Vi forholder oss til dette med å gjere tiltak for å redusere påverknaden vår på klimaet og ved å gjere tiltak for at vi betre skal tole dei endringane som kjem. Effektar av klimaendringar, særleg følgjene av ekstremvær er ikkje vanskeleg å få auge på i Hordaland. Meir nedbør, oftare og hardare ekstremver. Haustflaumar som tek med seg jord og bygningar og stormar som riv vekk hustak og tre syner at vi i mange tilfelle ikkje er budd på slike endringar. Men skadane vi har sett er moegelege å unngå ved å gjere klimatilpassingar. Drivarane for endring er godt oppsummert i temaplanen, men vi meiner at klimatilpassingar bør inn også under innsatsområder.

Helsing

Øystein Svalheim  
einingsleiar

Øystein Svalheim  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*



Bjørnefjorden  
landbrukskontor

Fusa  
Tysnes  
Os  
Samnanger

Sakshandsamar:  
Øystein Svalheim  
95884074

Vår referanse:  
Arkivsaknr: 18/1006/ 2

Dykkar referanse:

Vår dato

16.04.2018

## Høyringsnotat frå Bjørnefjorden Landbrukskontor til Temaplan Landbruk frå Hordaland Fylkeskommune Notat frå administrasjonen

Fylkeskommunen sin referanse: 2017/14135

### Informasjon

Bjørnefjorden landbrukskontor har motteke Temaplan for landbruk i Hordaland på høyring frå Hordaland Fylkeskommune. Dette dokumentet er ein uttale som er utarbeidd av Bjørnefjorden landbrukskontor. Den vert sent til ordførarane og rådmennene i kommunane Fusa, Tysnes, Os og Samnanger for å få innspel frå politikarar og administrasjonar. Vi ønskjer innspel på om det er viktige ting de meiner bør med og eventuelt om det er ord og vendingar som må rettast. Planen vert ikkje sendt ut. Den må kvar av ei som skal lese den hente fram sjølv

Planen ligg tilgjengeleg på [hordaland.no/temaplanlandbruk](http://hordaland.no/temaplanlandbruk) her:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2018/temaplan-for-landbruk-ut-pa-hoyring/>

Kontaktperson er Heidi Bjønnes Larsen [heilars@hfk.no](mailto:heilars@hfk.no)

### Høyring

Innspel til alle delar av temaplanen er velkomne. Innspel skal merkast med 2017/14135 og sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) eller Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen. Meir informasjon er tilgjengeleg på [hordland.no/temaplanlandbruk](http://hordland.no/temaplanlandbruk)

Høyringsfrist er satt til **1.mai**.

Fusa kommune:  
Bjørnefjorden  
landbrukskontor  
Postboks 24  
5649 Eikelandsosen

Vegadresse:  
Kommunetunet, Leiro 31  
5640 EIKELANDSOSEN

Telefon: 56580100  
[post@fusa.kommune.no](mailto:post@fusa.kommune.no)  
[www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no)

Org.nr. **964 968 896**  
Bankgiro: **3420 07 00920**

## Høyringsnotat til Temaplan for Landbruk i Hordaland 2018 – 2022

### Innleiande kommentarar:

Temaplanen verkar som eit godt arbeidsdokument for å setje agenda for fylkeskommunen sitt politiske arbeid dei neste 4 åra

Temaplanen peikar på kva fylkeskommunen vil prioritere å arbeide med i perioden  
Det er definert **tre hovudmål**:

1. Styrka lønsemd i Hordalandslandbruket
2. Auka produksjon på lokale ressursar
3. Bättre rekruttering til landbruket

I innleiinga(to kapittel: «Kort om temaplan...», Berekraft i landbruket globalt, nasjonalt og lokalt)...  
vert det gitt ei situasjonsskildring som forklarar kvifor det er valt ut **fire tema** det må arbeidast  
med for å nå desse tre måla Dei fire tema har fått kvart sitt kapittel i planen:

1. Areal og ressursgrunnlag
2. Auka lønsemd i noverande produksjonar
3. Kompetanse og rekruttering
4. Drivarar for endring

I slutten av kvart kapittel er det sett opp ei oppsummering i tekstboksar, kvar med ei liste over  
Innsatsområder og ein indikator (kva for resultat ein skal sjå etter for å avgjere i kva grad ein har  
nådd måla)

Planen vart diskutert av landbrukskontoret måndag 9. april, og kommentarane som kom fram er  
tekne med nedanfor.

Ein kommentar vi ikkje fann ein naturleg plass til i planen var at vi sakna ei skildring av kva  
kommunereforma kan få å seie for korleis prioriteringane må tilpassast nye kommune- (og  
region-) strukturar, og korleis ansvarstilhøve og arbeidsoppgåver vert fordelte mellom dei nye,  
samanslegne administrasjonane hos fylkeskommune og fylkesmann. På regional samling med  
landbruksavdelinga hos Fylkesmannen (11/4) kunne til dømes fylkeslandbrukssjef Åse Vaag  
melde at fleire av oppgåvene som Fylkesmannen til no har hatt ansvar for vert overførte til  
Fylkeskommunen, mellom anna oppgåver knytt til næringsutvikling innan landbruket. Dette kan  
gje fylkeskommunen større rom for å styre bruken av verkemidlar og utviklinga i landbruket i  
Hordaland.

### Areal- og ressursgrunnlag

Jordvern – nedbygging gjennom plan og dispensasjonar i enkelttiltak må reduserast

Driveplikt – Korleis skal grunneigarar som ikkje driv sjølv kunne oppfylle driveplikta viss drifta er sett ut til andre, som etter, kanskje eit langt og arbeidsamt liv som bonde, til slutt legg ned drifta og det ikkje er andre drivarar i rimeleg nærleik som kan overta drifta? Skal dei stimulerast til å selje til unge, nye bønder som er interessert, eller skal dei kunne sjå bort frå driveplikta og overlata garden som feriestad til etterkommarane?

Ein bør stimulere til fleire skriftlege jordleigeavtalar. Det er veldig mange som har lite robuste, munnlege jordleigeavtalar. Leigetakar er ofte heilt avhengig av leigejorda. Gjennomsnittleg dyrka areal for ein gard i Hordaland (som vert drive næringsmessig) er ca. 35 dekar, mens landbruksføretaket som held til på garden brukar om lag 135 dekar – altså er han, for å kunne oppretthalde drifta, avhengig av 100 dekar leigejord. Det er difor særskilt viktig for bøndene som leiger at vilkåra er føreseielege og langsiktige. Dette er naudsynt for at det skal vere forsvarleg og finansierbart med investeringar på leigejorda. Ei satsing for å stimulere til skriftlege avtaler vil styrke Hordalandsjordbruket

Jordvernet må styrkast og målet om å ikkje omdisponere meir enn 240 dekar dyrka jord til andre føremål enn landbruk er ganske ambisiøst. Det kunne gjerne vore med at der ein ikkje ser andre løysingar enn omdisponering av dyrka mark, må det finnast andre areal som kan nyttast til å etablere tilsvarande ny jordbruksjord

Sentrumsnær utbygging skjer ofte på dyrka jord. Dette må redusertast til eit minimum. Noko kan gjerast i planarbeidet i kommunane gjennom til dømes særleg omsyn til større samanhangande «Kjerneområde for landbruk». Dette er fruktbare område med stor verdi både som kulturlandskap og som produktive areal. Publikum si forståing av kva som er dyrka areal kunne og trenge og oppdaterast. Vi høyrer rett som det er at «Nei, på det stykket har det ikkje vore dyrka på mange år» samstundes veit vi på landbrukskontoret at arealet har vore nytta til grovfôrproduksjon. Det er ikkje berre potetar og guleroter som tel på areal i drift. Forståinga av at gras også er eit viktig jordbruksprodukt kunne gjerne vore styrka

## Auka lønsemd i noverande produksjonar

### Grovfôr og mjølk/storfe

Mjølkk og storfekjøttprodusentar er oftast dei største jordbruksføretaka og dei med best lønsemd. Det er desse som har den største trongen for grovfôr. Grovfôret vert hausta både gjennom beiting og slått. Dei siste vekstsesongane har vore særskilt våte, og no, våren 2018 er det mange som slit med å skaffe nok grovfôr. Vi ser vel aller tydelegast i grovfôrproduksjonen kva for utfordringar vi kan vente oss som resultat av auka årsnedbør og ekstremvær. Det må satsast på god agronomi, dyreavl og planteforedling for å ha eit tilpassa landbruk med høg produktivitet også i framtida. Mange enger vart sundkøyrd med tung reiskap på våt jord i fjor og mange beiteareal vart sundtrakka. Vi treng betre drenering, tilpassa grovfôrplanter som produserer sjølv på våte somrar og gjer gras med høg fôrverdi og som held seg friske gjennom mildare vintrar enn før. Vi må nytte husdyrgjødsel på ein miljøvenleg måte som nyttar næringsemna godt. Vi treng å ta i bruk reiskap som kan hauste grovforet på ein effektiv og skånsam måte sjølv om det er vått. Satsing på riktig storferase vil og kunne redusere sundtraking av og avrenning frå beite, både i innmark og utmark. Her har vi kanskje eit argument for å ta inn igjen gamle raser i produksjonen, særleg av storfekjøtt.

Det bør stimulerast til betre utnytting av beiteressursane. Mange areal blir ekstensivt drive eller ligg unytta, noko som fører til attgroing, samstundes som bønder i nærleiken har trong for meir fôr. Ei tilrettelegging for betre utnytting av beiteressursane, også på tvers av eigedomsgrensene burde vere eit innsatsområde.

Frukt sider og grønt – Her er ikkje bær med i overskrifta. Det bør med sidan det vert sagt i kapitlet at «Hordaland er ein sterk region på frukt og bær» I dei fire Bjørnefjord-kommunane har det vore ein del jordbærprodusentar tidlegare, som har slutta, men dei seinare åra har vi sett



mange nye satsingar på bringebær. Fornya satsing på bringebær og nye produkt, som t.d. bjørnebær hageblåbær og andre, kan vere aktuelle og ei satsing på bær verkar å vere i tida. Då må kompetanseinstitusjonar og kurstilbod vere oppdaterte, og det må satsast. Når det gjeld satsing på nye produksjonar er klimatilpassing eit nøkkelord som må vektleggjast i planlegginga til bøndene i samarbeid med rådgjevarar. Utvikling av metodar og sortar må få stor merksemd innan forskning, utvikling, rådgjeving og utdanning. God agronomi og plantehelse i eit klima i endring er avgjerande for å lukkast i framtida.

I Bjørnafjordområdet har vi berre eit par- tre bønder som satsar på frukt. Dette er nye satsingar innan produksjonar vi tradisjonelt har hatt lite av. Endra klima vil kunne gjere det som tidlegare ikkje var lønsamt interessant på nytt. For å lukkast må ein vite kva for sortar som kan nyttast, kva for tiltak mot sjukdom og skadedyr som trengst og kva for agronomiske metodar som er egna. Her vil truleg Landbruksrådgjevinga spele ei viktig rolle.

Det har tidlegare vore grønsaksproduksjon av ein viss storleik i området vårt. Dei siste tre-fire åra har minst to bønder starta med ny grønsaksproduksjon, ein av dei økologisk. Her er òg potensiale for auka volum og fleire produsentar. Grønsaksproduksjon er arbeidskrevjande, men kan gje større omsetning (og truleg òg inntening) per arealdel enn mange andre produksjonar. Kompetansebygging gjennom rådgjeving og økonomiske verkemidlar kan vere avgjerande for å lukkast.

Satsing på marknadsføring gjennom bruk av «beskytta geografisk nemning» og anna spesialitetsmarknadsføring syner seg, innan både frukt og bær og foredla produkt frå kjøt og mjølk, å kunne gje større verdiskaping per arealdel enn dei store volumproduksjonane. Dette tyder at også små gardar vil kunne ha ei økonomisk berekraftig produksjon om det satsast rett. Her er enno eit døme på trong for satsing på kompetanse og økonomiske hjelpemidlar.

### Sauenæring

Næringa har i dag ei utfordring med dårleg lønsemd. Det verkar å vere større tilbod enn etterspurnad og dette gjer seg utslag i det som vert definert som overproduksjon. Om vi tar dømet sau, vert det i dag sagt at vi har overproduksjon.

Spørsmålet er om løysinga er å redusere produksjonen for å få kontroll med mengda lammekjøt på lager. Om nordmenn åt eitt måltid meir med sauekjøt i året vil det auke konsumet med mellom 20 og 40%. Dette illustrerer at auka marknadssatsing, satsing på å påverke forbruksvanane, kan være vel så viktige tiltak for å motverke «overproduksjon» som det vil vere å redusere talet på lammeslakt. Her er det stort rom for innovasjon, både når det gjeld produktutvikling og styrka marknadsføring. Arbeid med å utvikle spesialiserte kjøtprodukt basert på ulike eigenskaper hos ulike saueraser er i gang og bør kunne følgjast opp.

Eit produkt frå sauenæringa som dei siste 50 åra har fått særskilt dårleg lønsemd er ullproduksjon. I dag er det så ille at ulla i mange tilfelle vert rekna som eit avfallsprodukt. I lys av nyhendeoppslag dei siste par åra om problemet med plastavfall på vidvanke, vil det dei komande åra bli eit auka fokus på å kutte i bruk av plast. Dette inkluderer òg alle typar kunstfiber. Kvar gong vi vaskar ei fleecjakke eller ei stretch-treningsbukse slepp vi ut tusenvis av mikroplast-partiklar og fiberbitar til sjøen via avlaupsnett. Ull er eit naturprodukt som vert brote ned i naturen. Sjølv om ull har vore produsert og brukt på vestlandet i tusenar av år er det store mogelegheiter for forskning og utvikling innan nytting av ull – sikkert og til føremål om ingen har tenkt på i dag. Ull som råvare til nye produkt vil kome, men ikkje utan at det vert satsa på FoU og produktutvikling. Med ei slik satsing vil Ull igjen kunne bli eit viktig produkt for vestlandsbonden. Ein type tiltak som kan gjerast på kort sikt er å sjå nærare på ulike ullkvalitetar frå ulike rasar. I lag med val av raser ut frå prisen på ulik kjøtkvalitet kan dette gje utvikling av raser med betre lønsemd.

Innovasjon Noreg vel , sjølv om det i dag er overproduksjon av sau, å halde fram med å gje støtte til investeringar på sau, mellom anna fordi Hordaland heng etter i moderniseringa av produksjonane samanlikna med resten av landet.

### Skog

Rundt Bjørnafjorden merka vi godt følgjene av ekstremveret Nina i januar 2015. Dette slo til på ei tid då skogen som vart planta etter krigen byrjar å bli hogstmoden. Som resultat av oppryddinga etter stormen vart uttaket i Tysnes og Fusa femdobla på eitt år. Etterpå har ikkje produksjonen falle ned på det gamle volumet. Denne utviklinga er venta å halde fram. Trongen for infrastruktur til å frakte ut tømmeret er stor, og også her er det trong for innovative løysingar. Mykje av skogen som no vert hogstmoden vart planta på stader vi framleis har problem med å få den ut med bil på skogsvegar.

Klimatilpassing og nye miljøomsyn gjer og at det må satsast på kompetanse. Det er trong for andre vurderingar enn tidlegare ved val av kor det skal plantast og kva som skal plantast. Det er viktig for eit økonomisk og miljømessig berekraftig skogbruk at det vert satsa på nyplanting. Her også vil rådgjevingstenestene vere viktige for å utvikle skogbruket i rett retning.

### Bygdenæring og lokalmatproduksjon

Her fann vi lite å kommentere. Vi er samde i at det er eit stort unytta potensiale innan desse områda, og det bør framleis stimulerast til innsats rådgjeving og investeringar innan turisme, lokalmat, Inn-på-Tunet og ander opplevingar på garden.

### Innsatsområder –

Her burde Inn På Tunet vore nemnt. Dette kan vere eit viktig tillegg til vanleg drift, og i fleire høve er det ønskje om å ha IPT som den primære inntektskjelda på bruket. Fylkeskommunen bør kunne stimulere til satsing på utvikling og etablering av IPT gardar, særleg sidan Fylkeskommunen òg har tettare band til dei vanlegaste kundane til IPT føretaka enn det fylkesmannen har hatt til no. Det har synt seg utfordrande for mange IPT tilbydarar å få gode avtalar med offentlege brukarar av tilboda. Desse er t.d. Barnehagar, Skular, eldreomsorg, arbeidstreningstilbod, psykiatri og fengselsvesen. Ei tilrettelegging slik at desse tilboda i større grad vart nytta av offentlege kundar ville betre økonomien og lette arbeidet med IPT. Satsing på ull bør vere med som innsatsområde

(Innovasjon Noreg vil , sjølv om det i dag er overproduksjon av sau,) halde fram med å gje støtte til investeringar på sau,( mellom anna) fordi Hordaland heng etter i moderniseringa av produksjonane samanlikna med resten av landet.

## **Kompetanse og rekruttering**

Satsing på kompetanse løner seg. Unge og vaksne bønder treng både opplæring og oppdatering, og alt som kan bidra til auka kompetanse er ein fordel for landbruket. Vi meiner at rådgjevingstenestene i landbruket bør nyttast meir enn i dag. Norsk Landbruksrådgjeving er eit medlemskapsbasert tilbod, men finansieringa er stram. Ei tilrettelegging for utvida bruk av deira og liknande tenester vil føre til at nye, oppdaterte agronomiske metodar vert tekne i bruk. Kanskje særleg for dei små bruka er det viktig å nytte dei ressursane garden har fullt ut. Det vil gje betre agronomi, betre lønsemd og mindre miljøpåverknad frå landbruket

Dette er godt dekt i Temaplanen

### Generasjons- og eigarskifte

Det er eitt tema som stadig er ei utfordring når det gjeld generasjonsskifte og rekruttering. Den gamle bonden som overlèt garden til neste generasjon er ofte ikkje interessert i å flytte frå livsverket sitt, sjølv etter at ein ny generasjon har teke over. For både avtroppande og påtroppande bonde vert det dermed eit ønske om å bu på garden. Gjeldande lovverk et tilbakehaldande når det gjeld bygging av hus nr 2 på garden, ein kårbustad. Problemet har ofte vore at ein berre ser trongen for kårbustad i ein avgrensa periode under kvar generasjon på garden. Ved overtakinga vil både ung og gamal gjerne bu på garden, femten år seinare er dei gamle falle frå og dei unge ser «gamlahuset» som ei økonomisk byrde. Då søkjer dei om å få dele frå og selje . Så går det nye femten år og neste generasjon treng bustad. På sikt fører dette

til at garden sine ressursar skallar av med kvar nye generasjon. Dette er ei utfordrande problemstilling som ein bør arbeide med å finne gode løysingar på. Ei anna utfordring gjeld alle dei som ikkje har ein slektsgard å ta over. Det er få landbrukseigedomar ute for sal på den opne marknaden, og mange nedlagde og fråflytta bruk står ubrukte og vert vanskjøtta. Eit av dei mest nytta søkjeorda på Finn er «småbruk». Endringane i Odels-, jord-, og konsesjonslovene har så langt ikkje løyst desse utfordringane. Vi ønskjer drift, jordvern, sjølvberging, nytting av ressursane og busetnad, men det verkar vanskeleg å kombinere alt dette på ein god måte. Arbeidet med å finne løysingar på desse problema må halde fram.

Dei seinare åra har vi sett ei endring i publikum sin respekt for bonden. TV-seriar som «Farmen», «det gode bondeliv», «oppfinnaren» saman med den auka interessa for kortreiste matprodukt og regionale og lokale spesialitetar gjer at det i dag er lettare å finne forståing for utfordringane landbruket har. Ein må fortsette å bidra til framsnaking av næringa, og arbeide med promotering og bruk av lokale landbruksprodukt.

## Drivarar for endring

Dette kapitlet tek føre seg forhold til Klima, men og andre endringar vi ser føre oss innanfor landbruket.

Tekniske løysingar som t.d. robotisering, elektronisk gjeting og liknande. Vert utvikla i stor fart. Lettare landbruksmaskiner er under utvikling og det vert gjort mykje norsk utviklingsarbeid som kan gjere landbruket på vestlandet enklare og forhåpentleg meir lønsamt og lettare å rekruttere til.

Klimaendringar er noko vi høyrer om heile tida. Vi forholder oss til dette med å gjere tiltak for å redusere påverknaden vår på klimaet og ved å gjere tiltak for at vi betre skal tole dei endringane som kjem. Effektar av klimaendringar, særleg følgjene av ekstremvær er ikkje vanskeleg å få auge på i Hordaland. Meir nedbør, oftare og hardare ekstremver. Haustflaumar som tek med seg jord og bygningar og stormar som riv vekk hustak og tre syner at vi i mange tilfelle ikkje er budd på slike endringar. Men skadane vi har sett er moegelege å unngå ved å gjere klimatilpassingar. Drivarane for endring er godt oppsummert i temaplanen, men vi meiner at klimatilpassingar bør inn også under innsatsområder.

Helsing

Øystein Svalheim  
einingsleiar

Øystein Svalheim  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Bømlo Jordvernforeining v/ Ståle Sakseide

Ytre Sakseid-vegen 7,

5437 Finnås

[bomlo@jordvern.no](mailto:bomlo@jordvern.no)

22.04.2018

Hordaland Fylkeskommune v/Heidi Bjønnes Larsen

[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) ref: 2017/14135

**Uttale frå Jordvernforeininga i Bømlo, i høve høyring om Temaplan landbruk i Hordaland 2018-2022.**

Jordvernforeininga i Bømlo ser positivt på Temaplan for landbruk i Hordaland. Me er einige i innhaldet, men me er usikre på kor stor vekt ein slik plan har når det kjem til stykket. Når det er konflikt mellom jordvern og andre interesser, er det vår erfaring at store samfunns/kapitalinteresser vinn fram og matjord vert bygd ned og vert tapt for all framtid.

Dersom Temaplan Landbruk skal ha noko for seg, må det fylgja handling med dei fagre orda. Det er svært positivt at ein har eit mål om maksimal nedbygging av jordbruksareal på 240 dekar årleg, men korleis skal ein oppnå dette? Skal denne planen overstyra lokale planar? Det er vel framleis dei einskilde kommunane som vedteke dette? Kven har ansvar for at kommunane i Hordaland samla ikkje overstig dette målet? Jordvernforeininga i Bømlo kan ikkje sjå at planen inneheld ei beskriving av kven som har ansvar for dette.

Me vil visa til Jordvernkonferanse i Haugesund hausten 2017, der Fylkesmennene i Hordland og Rogaland inviterte tilsette på plan/landbruk i alle kommunar til møte om korleis ny jordvernstrategi skal handsamast. Det vart også påpeika at Fylkesmennene ynskte å formidle den same informasjonen til kommunepolitikarane. Me har følgjande forslag til tekst i ny Temaplan for Landbruk 2018-2022 : **Kommunane må påleggjast å gje dei folkevalde etter kvart val, opplæring i korleis Nasjonal Jordvernstrategi skal etterfølgjast i arealpolitikk. Denne opplæringa må vera eit ansvar for Hordaland Fylkeskommune eller Fylkesmannen i Hordaland.**

Jordvern er viktig i eit globalt perspektiv i beredskapssamanheng. Me står føre store klimaendringar, uro og folketalsvekst i verda. Dette kan gi matmangel og samfunnsomveltingar. For å vera førebudde på dette, må me auka vår sjølvforsyningsgrad av mat. Me må derfor ta vare på den vesle matjorda

me har i Noreg og kan ikkje tillate vidare nedbygging av matjorda vår. Matvareberedskap er og viktig lokalt, ikkje berre nasjonalt og internasjonalt. Det er derfor viktig at landbruket i heile landet lever vidare. I mange arealsaker der jordvernet taper, er argumentet at dette er så få dekar, at det ikkje har betydning i den store samanhengen, men når dette vert gjort heile tida, vert det store areal totalt. Dette kan ikkje få halda fram!

**Me meiner det må inn eit nytt moment inn i denne temaplanen : Nullvisjon på nedbygging av dyrka/dyrkbar mark og beiter.**

Der det ikkje er mogleg å unngå nedbygging av matjord, må det vera den råka bonden som får eigarskapen til matjorda, og matjorda må flyttast til anna tilsvarande areal på den garden som vert råka. Matjorda må flyttast av kyndige folk, slik at den ikkje vert øydelagd, eller hamnar i det nedste laget når ein skal etablere ny dyrkamark.

Klimaet på Vestlandet vert stadig våtare, og bøndene taper mykje på øydelagde avlingar. Det er derfor sentralt at tilskot til grøfting vert auka monaleg for å kunna bøta på dette problemet.

Me registrerer at jordvern ikkje er eit hovudtema i landbruksplanen. Me vil understreka at jordvernet må vera overordna desse hovudmåla. Utan matjord, forsvinn landbruket og dei tre hovudtema fell vekk.

Jordvernforeininga i Bømlo bed om at følgjande tekst vert teken med i den endelege planen :

- **Kommunane må påleggjast å gje dei folkevalde opplæring i korleis Nasjonal Jordvernstrategi skal etterfølgjast i arealpolitikken . Denne opplæringa må vere eit ansvar for Hordaland Fylkekommune eller Fylkesmannen i Hordaland .**
- **Nullvisjon på nedbygging av dyrka/dyrkbar mark og beiter.**
- **Der det ikkje er mogleg å unngå nedbygging av matjord, må det vera den råka bonden som får eigarskapen til matjorda, og jorda må erstattast med nytt tilsvarande areal på den garden som vert råka. Matjorda må flyttast av kyndige folk, slik at den ikkje vert øydelagd, eller hamnar i det nedste laget når ein skal etablere ny dyrkamark.**

Med vennleg helsing

For styret i Jordvernforeininga i Bømlo

Ståle Sakseide



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.  
18/18-48/N - 000/KAUV

Dykkar ref.

Dato:  
09.05.2018

## **Høyringsuttale frå Kvam herad til Temaplan for landbruket i Hordaland . 2017/14135**

Kvam heradsstyre har i sitt møte 08.05.2018 gjort vedtak om følgjande høyringsuttale:

Kvam heradsstyre har fylgjande merknader til **Temaplan for landbruket i Hordaland 2018 – 2022:**

### **Nedbygging av jordbruksareal**

Nasjonal kvote for nedbygging av dyrka jord er 4.000 da. Hordaland sin kvote for nedbygging av dyrka jord er sett til 140 da. Dette er 6 % av landskvoten. Når nedbygging av jordbruksareal er nødvendig, skal det alltid leggjast til rette for erstatningsareal. I kommunane sitt viktigaste planverktøy, kommuneplan – bindande arealplan, skal eigna erstatningsareal og areal for nydyrking leggjast ut.

### **Økonomien i landbruket.**

Landbruket er ein sektor som er sterkt politisk styrt sentralt. Av den grunn er det naturleg å kommentera importvernet/tilskotsbruken sin verdi i temaplan som føresetnad for framtidig landbruk i Hordaland.

Ved utvikling av større småskalaverksemder må dei regionale styresmaktene spela på lag sjølv om det ikkje alltid passar med vegplanar og 100-metersbelte.

Halda oppe bruksstrukturen. Sikra livsvilkår for små og mellomstore bruk.

### **Auka lønsemd i noverande produksjonar**

Planen må oppdaterast på marknadssituasjonen. Med unntak av frukt, sider og grønt stangar ein pr. april 2018 i taket på mjølk og kjøt.

Det må satsast sterkare på utviklinga av mat og reiseliv der Hardanger har gode føresetnader.

### **Skog**

Når no Fylkesmannen i Hordaland trekkjer seg ut som aktør på skogsvegbygging, er det svært ynskjeleg at Hordaland Fylkeskommune overtek denne rolla.

### **Arealforvaltning**

Planen må få tydelegare fram kva handslingsrom som ligg i kommuneplanen sin arealdel for utvikling av nye næringar i landbruket og informera om dette dei som driv med landbruk.

Den landbruksfaglege kompetansen i kommunane må haldast oppe.

Vektlegga landbruket som forvaltar av kulturlandskapet.

---

Sjølv om høyringsfristen gjekk ut 1. mai, håpar me likevel at innspela frå Kvam herad vert tekne med.

Helsing

***Kari Weltzien Vik***

Administrativ rådgjevar

Telefon: 56553022

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Jon Nedkvitne

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2018/803-2

**Saksbehandlar**

Karin Thauland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2018/24	Kommunestyret	26.04.2018

## Høyringsuttale Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 - 2022

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommunestyre ser positivt på at det vert utarbeidd ein temaplan for landbruket i Hordaland. Landbruket er ein svært viktig næring for kommunen. Kommunen har starta arbeidet med å lage landbruksplan. Temaplanen vil gje eit nyttig grunnlag for dette arbeidet.

Det er positivt at planen sett fokus på jordvern , landbruket sitt betyding for verdiskaping og rolle i samband med eit grønt skifte.

Det er nyttig for kommunen å få eit oversyn over utvikling fordelt på kommunane.

Vi ønskjer at det og kjem fram i planen kor mykje areal som er godkjend nydyrka i perioden i dei ulike kommunane.

### Behandling i Kommunestyret den 26.04.2018

#### **FORSLAG TIL NYTT PUNKT:**

#### **FRÅ ØYVIND UTNE, H:**

Planen må ta opp beitenæringa som tema. Kva beiting tilfører og utfordringar der t.d. hyttebygging fortrenger beitedrift.

#### **FRÅ SYNNØVE SOLBAKKEN, AP:**

Temaplanen bør og omtala geit som ein del av smådyrhusaldet i Hordaland. Tradisjonane er lange for produksjon av ost og er det eit potensiale i auka bruk av kjeikjøt. Geitehald er kulturlandskapspleie og ei satsing i tråd med Regional matstrategi med særleg fokus på lokal matproduksjon og opplevingsbasert reiseliv.

#### **FRÅ KJETIL MEHL, SP:**

Det er viktig for utviklinga i jordbruket å oppretthalda gode landbrukskontor i kommunane. Kvinnherad kommune er eit godt døme på dette.

#### **FRÅ GRUPPELEIARANE:**

Kvinnherad kommunestyre ber rådmannen leggja fram sak kva gjeld kommunalt dyrkingsbidrag. Det skal og utgreiast bidrag til oppattgrøfting av allereie dyrka mark.



## **RØYSTING:**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.  
Framsette forslag til nye punkt – samrøystes.

### **Vedtak frå Kommunestyret den 26.04.2018**

***Kvinnherad kommunestyre ser positivt på at det vert utarbeidd ein temaplan for landbruket i Hordaland. Landbruket er ein svært viktig næring for kommunen. Kommunen har starta arbeidet med å lage landbruksplan. Temaplanen vil gje eit nyttig grunnlag for dette arbeidet.***

***Det er positivt at planen sett fokus på jordvern , landbruket sitt betyding for verdiskaping og rolle i samband med eit grønt skifte.***

***Det er nyttig for kommunen å få eit oversyn over utvikling fordelt på kommunane.***

***Vi ønskjer at det og kjem fram i planen kor mykje areal som er godkjend nydyrka i perioden i dei ulike kommunane.***

***Planen må ta opp beitenæringa som tema. Kva beiting tilfører og utfordringar der t.d. hyttebygging fortrenger beitedrift.***

***Temaplanen bør og omtala geit som ein del av smådyrhusaldet i Hordaland. Tradisjonane er lange for produksjon av ost og er det eit potensiale i auka bruk av kjekjøtt. Geitehald er kulturlandskapspleie og ei satsing i tråd med Regional matstrategi med særleg fokus på lokal matproduksjon og opplevingsbasert reiseliv.***

***Det er viktig for utviklinga i jordbruket å oppretthalda gode landbrukskontor i kommunane. Kvinnherad kommune er eit godt døme på dette.***

## **Saksutgreiing:**

Hordaland fylkeskommune har sendt ut framlegg for Temaplan Landbruk 2018 -2022 - Ei levande næring for framtida- ut på høyring med frist 1.5.2018.

Planen skal bidra til å sikre bærekraftig vidareutvikling av landbruket i Hordaland

Hovudmål er å styrke lønsemda i hordalandslandbruket, auke produksjon på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket.

Det er tidlegare utarbeidd Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017 og Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering og utdanning i landbruket 2011.2015.

Temaplanen vert ein plan med heimel i regional planstrategi og regional næringsplan.

[https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/politikk/hoyringer/hoyring\\_temaplan\\_for\\_landbruk\\_hordaland\\_2018\\_2022.pdf](https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/politikk/hoyringer/hoyring_temaplan_for_landbruk_hordaland_2018_2022.pdf)

Voss, Kvam og Kvinnherad er dei kommunane med høgast sysselsetting i landbruket. Lønsemda i jordbruket på Vestlandet har lege under gjennomsnittet for landet i den siste ti-årsperiode. 54 % av mjølkeproduksjon i Hordaland vert produsert i ei tre kommunane i tillegg til Etne.

4% av arealet i fylket er jordbruksareal. 42 % av areal i drift er leigejord , og leigeandelen aukar. Mange har kortsiktige avtaler som fører til usikkerheit med omsyn til å ta over og mindre satsing på investeringar i jordforbetring.

Planen oppmodar til ei langsiktig prinsipp for arealbruket i samfunnsdelen av kommuneplan og synleggjort i arealdelen . Jordvern skal ligge inne som ein premiss for kommuneplanlegginga. Beredskap og auka sjølvforsyningsgrad skal være i fokus. I Kvinnherad syner figur 4 at det er bygd ned ca. 38 dekar i året, medan talet nedbygd i prosent av jordbruksarealet er lågt i høve til dei fleste andre kommunane.

I planen er det lagt sterkt vekt på jordvernet som er naudsynt for å sikre ressursane. Målet er å redusere nedbygginga av jordbruksareal i fylket til maksimalt 240 dekar årleg i samsvar med dei nasjonale mål om å halvere tal dekar nedbygd jord.

Biomasse frå jord og skog kan verte ein viktig del av eit grønt skifte  
Stimulere til auka verdiskaping i verdikjeda til frukt - og bærproduksjon og auke bærekrafta i mjølk og kjøtt produksjon.

20 % av arealet i Hordaland er dekkja av skog. Planen tek sikte på å betre infrastruktur og auke kompetanse for å auke berekraftig avverking og uttak av biomasse. Det vert særskild fokusert på skogen som bidragsytar til betre klimatilpassing og samfunnstryggleik. Omgrepet vernskog er forankra i skoglova og syner til strategisk planting av tenlege artar på rett plass for å binde jord og hindre ras og flom.

Transportkostnader i skogbruket på Vestlandet er om lag 30 % høgare enn på Austlandet

Temaplan for landbruk skal støtte opp om forskning og utvikling for å få fram ny kunnskap , driftsmetodikk og digitale løysingar tilpassa produksjonar og driftstilhøve i Hordaland.

Det er sett fokus på mjølk og kjøttproduksjon som er berebjelke i landbruket her. Planen peikar på sauehaldet er eit godt døme på god nytting av lokale ressursar og for å plei kulturlandskapet. Hordaland er det fylket der flest av jordbruksbedriftene har sau (70%),

Planen syner til potensialet for å auke produksjon av grønsaker, frukt og bær og ulike tilleggsnæringar som mellom anna tek sikte på vidareforedling av landbruksprodukt

#### Tilråding:

Kvinnherad kommunestyre ser positivt på at det vert utarbeidd ein temaplan for landbruk. Landbruket er ein svært viktig næring for kommunen.

Det er nyttig å få statistikk med oversyn over utvikling på kommunenivå.

Det bør og kome fram i planen kor mykje areal som er nydyrka sett i samanheng med jordbruksareal areal nedbygd.

## **Høyringsuttale til «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022» frå landbrukskontora i Nordhordland, Landbruksfagrådet i Austrheim og Landbruksfagrådet i Radøy**

Utkast til temaplan peikar på mange aktuelle og kjende problemstillingar i landbruket – nedbygging, låge avlingar, høg andel leigejord, låg kvotefylling, låg lønnsemd, overproduksjon av sauekjøt, låg rekruttering/høg gjennomsnittsalder, auka nedbørmengder osv. Vidare peikar temaplanen på tre mål : styrka lønnsemda, auka produksjonen på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket.

Det er fornuftige mål som krev mange tiltak. Når det gjeld tiltak for å nå måla meiner me temaplanen er svært mangelfull. Det står heilt ope når ein har lest planen. Det framgår kven Hordaland Fylkeskommune søkjer samarbeid med for å nå måla. Er det då meininga at desse aktørane kan søkje Fylkeskommune/Fylkesmannen om midler til prosjekt dei meiner er tiltak for å nå måla ? I så fall må dette kome tydelegare fram i temaplanen.

Det vert trekt opp fleire tema i planen. For å gjere temaplanen meir inspirerende kunne det vore trekt fram gode døme/tips i boksar.

Eit tiltak for å nå måla i planen kan vere eit årleg samrådsmøte mellom aktørane som Hordaland Fylkeskommunen arrangerer. Der faglag, FMLA, kommunane, samvirkeorganisasjonane kjem med med nytt om kva som rører seg innan deira organisasjon og kva dei gjer / kva som skulle vore gjort for å nå måla.

Ei særleg alvorleg sak for landbruket i ytre delar av Hordaland er forbodet mot nydyrking av myr. Over 50 % av dyrkingsreserven i Nordhordland er myrjord. Dei som ynskjer å utvide arealgrunnlaget sitt og produsere mjølk/kjøtt på ein lokal grasressurs vert forhindra frå dette med dette forbodet. Skal dei auke produksjonsvolumet på garden må dei kjøpe inn grovfôr frå andre kantar av landet eller utlandet evt auke kraftfôrandelen i rasjonen.

Utfordringane knytta til nedbør er vaksande i tråd med aukande nedbørmengder. Denne utfordringa er så stor at den burde kome sterkare fram i planen og vere tydeleg på at mykje av dei offentlege prosjektmidlane (RULL mm) vil gå til avbøtande tiltak.

Når det gjeld kompetanseheving må kapasiteten innan agronomutdanning for vaksne aukast. Det er eit veldig populært tilbod som me ser inspirerer elevane veldig til innsats heime på eigen gard. Men me høyrer stadig om dei som ikkje får plass. Truleg passer dette tilbodet for mange. Foreldregenerasjonen er ofte for ung til å gje frå seg garden når neste generasjon er klar for arbeidslivet. Difor tek mange unge ei anna utdanning og har eit anna yrke fram til dei skal overta gardsdrifta.

Oppsummert :

Ein plan som peikar på kjende utfordringar, men som er lite konkret når det gjeld tiltak for å nå opplagte mål. Temaplanen må gjerast meir konkret og inspirerende for ikkje å verta eit interndokument for Hordaland Fylkeskommune.

Knarvik, 1.mai 2018

På vegne av landbrukskontora i Nordhordland

Kjartan Nyhammer

Landbrukssjef

# HØYRINGSUTTALE TIL TEMAPLAN FOR LANDBRUK I

## HORDALAND

### 2018-2022.

FRÅ OS BONDELAG.

Det er mykje god analyse og stoff om landbruket i Hordaland .Realiteten er at landbruket er på viande front på mange område.

Når det gjeld jordver er det mange fine ord og gode haldningar , men dersom jordvernet vert så sterkt at det stoppar planar, er det ingen hjelp i dei. Her må så sterke restriksjonar til, at utbygg ikkje ser lønsemd i å bygga ned landbruksjord.

Skal jordflytting vera eit alternati, må det vera klare planar for kor og korleis dette kan gjerast. Planane må omfatta kvalitetssikring og finansiering av tiltaket.

Areal som vert definert som sentrumsområde har i praksis ikkje noko vern. Dette er ofte den beste jorda .

Dette må det ei forandring til. Ein kan driva landbruk og på dei grønne flekane nær byane og i tettstader.

Utdanning er viktig. Ein kan få til eit fagbrev i landbruk .Det fører med seg at ein treng læreverksemder. Noko som vil kunna utvikla næringa og verta oppmerksom på kor mykje kunnskap ein eigentleg har. Vi lever i eit kunnskapssamfunn. Det er viktig at landbruket har formell kompetanse. Dette vi bidra til at næringa over tid blir betre lønna.

Kva som vil driva landbruket framover er uklart , men spanande. Vi trur at det er naudsynt å læra av dei bruka som får det til, slik Lindås kommune i lag med bondelaget no gjer.

Ei må og skaffa seg kunnskap om korleis mykje nedbør verkar på jorda og om noko kan gjerast for å bøta på dette. Kan ein nytta utmarksressursane betre. Det går jo føreseg ein produksjon av biomasse i utmarka, anten vi nyttegjer oss den eller ikkje.

Os 01.05.2018

Os Bondelag

Tlf. 92460307

,



Hordaland fylkeskommune  
E-post: hfk@hfk.no

*Brevet vert berre sendt på e-post*

Vår referanse:  
18/278/18/4017/31/JEB

Arkivkode:  
FE - 122, FA - V00

Dykkar referanse:

Dato:  
30.04.2018

### Høyringsinnspel frå Samnanger kommune til Temaplan for landbruk i Hordaland

Me viser til Hordaland fylkeskommune sin høyringsrunde for Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022. Samnanger kommunestyre vedtok 26.04.2018 følgjande høyringsuttale:

*«Samnanger kommune ber om at desse punkta vert arbeidde inn i planen:*

#### *Sauedrift*

*I dag er produksjonen av kjøt frå sau og lam for lite berekraftig og må leggjast om.*

- 1. Avlsarbeidet må endrast slik at det vert mindre vanleg for ei for ei søye å få meir enn to lam.. Dette er viktig både for dyrevelferda og for å unngå overproduksjon. Då vil ein òg redusera bruken av tilleggssfôr (mjølkeerstatning og kraftfôr) til lamma for å få dei slaktemogne.*
- 2. Klassifiseringa av slakt (EUROP) bør endrast, slik at ikkje kravet til kjøtfylde er så strengt. I dag stimulerer denne klassifiseringa til intensiv bruk av kraftfôr før slakting.*
- 3. Produksjonstilskotet frå staten bør leggjast om, slik at det vert mindre attraktivt med mange lam pr. søye.*

#### *Tilskot til driftsbygningar*

*Det er viktig for landbruket i Hordaland å ta vare på dei mindre bruka. Det er difor avgjerande at sauehald med færre enn 100 vinterfora dyr og får tilskot til fornying/nybygg av driftsbygningar.*

#### *Skogsvegar*

*Mykje av skogen i Hordaland står unytta. Det trengst tilskot til enkle skogsvegar for å henta ut meir av denne skogen.»*

I tillegg til denne uttalen, vil òg Bjørnefjorden Landbrukskontor gje uttale i saka.

Med helsing



Jan Erik Boge  
rådgjevar

Hordaland Fylkeskommune  
Agnes Mowinckels gate 5  
5008 Bergen

## **Temaplan landbruk – Innspel frå Strandebarm-Tørvikbygd Bondelag.**

Styret i Strandebarm-Tørvikbygd bondelag har nokre innspel til «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 - 2022».

### **Språk**

Dokumentet må korrigerast for ei rekkje språklege feil. Det er mange ord-delingsfeil og nokre halvferdige setningar som ikkje betyr noko. Det er skreve litt på bokmål og litt på nynorsk. Det er også brukt mykje engelske uttrykk og dårlege norske omsetjingar. Ein bør forventa av ein fylkeskommune at norsk-kunnskapane er på eit høgare nivå enn dette. I dette dokumentet er det litt for mykje «språk-jåleri», og ein blandar saman begrep som ikkje høyrer saman. Det er t.d. lenge sidan «digitale løysingar» kunne kallast ein «innovasjon».

Eksempel frå dokumentet:

*«Hordalandslandbruket er omstillingsvillig og tek aktivt i bruk innovasjonar som robotar, digitale løysingar og sensor teknologi. Grønt skifte må skje ut frå areala og ressursane ein har til rådighet.»*

*«Samarbeid mellom landbruket og desse aktørane kan gje innovative resultat.»*

*«Fylkesmannen, som har ansvar for at regionale og nasjonale landbruksinteresser vert tekne vare på i arealforvaltinga.»*

*«Landbruk er ei stadbunden næring og Hordaland har framleis eit kulturlandskap med internasjonalt unike kvalitetar, men utviklinga mot færre og større bruk gjer at mykje tungdrive areal går ut av bruk og eit levande landskap og eit småskala landbruk er viktig for anna næringsutvikling.»*

*«Bruk av robotar, auka automatisering, digitalisering, Internet of things, cloud computing, big data, CPS - cyberphysical systems, berekraft, grønt perspektiv, livssyklus, kunstig intelligens, nanteknologi, 3D printing, bioteknologi og genetik er nokre stikkord.»*

### **Forord**

Her er det tomt. Det er for oss uklart kven dokumentet er skreve for og korleis det er tenkt brukt. For oss bønder så er dokumentet fullt av sjølvsgade opplysningar, og for vår del kunne dokumentet vore kraftig redusert til «Mål og tiltak». Men dersom dette er eit dokument som skal brukast som «innføring i landbruk» så er det kanskje greit. Er det tenkt at dette dokumentet skal brukast aktivt, eller er det berre for info?

### **Areal og resursgrunnlag**

Det er sett eit mål om at nedbyggingsfarten av matjorda skal reduserast til 240 daa årleg. Me synest dette er for defensivt. Det bør inn ein strategi for nydyrking og kultivering av utmark. Verdien av utmark må ikkje overdrivast. Beitetida i fjella avgrensar seg til nokre få månader i sommarhalvåret. Ein må som regel nytta innmarksbeite / kulturbeite i tillegg. Ein del utmark kan ikkje nyttast til beiting pga giftige planter som f.eks rome. Produksjonen i utmark (föreiningar/daa) er låg. I vårt lokallag har me eksempel på at produksjonen av beitegras/beiteplanter har blitt kraftig forbetra etter rydding av kratt, kalking og spreing av husdyrgjødsel. Giftige planter har forsvunne og beitegras har etablert seg.

I Hordaland er me for tida relativt lite plaga med rovdyr, men har fylket ein strategi for å ta vare på den gunstige situasjonen me er i?

Årleg produksjonstap pga beiting frå hjort og grågås er aukande. Kva er fylket sin strategi i forhold til dette?

Ein del dyrka innmark og beite vert forringa pga jorda ikkje vert halden skikkeleg i hevd. Ein aktiv ugraskamp er viktig for å oppretthalda produksjonsvolum og kvalitet. Høymolefrø kan overleva 70-80år i jorda, så det å sluntra unna i ugraskampen forringar jorda for framtidige generasjonar. Det er ikkje «bærekraftig». Det å halda jorda i hevd er ein del av driveplikta. Har fylket nokon strategi for å passa på at driveplikta vert halden og at jorda ikkje vert forringa av f.eks ugrasfrø og erosjon?

Planen slår på side 16 fast at «Grønnsaker er ein klimavennleg produksjon og det bør leggjast til rette for auka produksjon av grønnsaker i Hordaland». Me er skeptiske til denne påstanden. Pga at klimaet på Vestlandet ser ut til å bli stadig våtare, så er det stor fare for næringstap og erosjon ved tradisjonell grønnsaksproduksjon på friland. Ein eventuell auke i grønnsaksproduksjon må skje på ein måte som ikkje fører til auka erosjon og næringstap til omgjevnadane.

Me meinare at dei viktigaste tiltaka for å ivareta/auka produksjonskapasiteten på areala er:

- hindra nedbygging
- nydyrking / beiterydding
- hindra erosjon (unngå open åker, unngå opptrekking, ha god drenering)
- hindra jordpakking
- aktiv kamp mot ugras og plantesjukdommar
- redusera beitepress frå ville dyr og fuglar
- bruk av plantemateriale som er tilpassa klimaet
- kalking
- gjødsling som samsvarer med plantene sitt næringsbehov

## **Skog**

Her saknar me ein eigen omtale av Vossagrana. Det er den einaste sorten grantre som fins naturleg her i Hordaland. Produksjon av juletre og pyntegrønt (f.eks kristtorn i Sunnhordland) burde også vore omtalt.

Når det gjeld nyplanting, så er det viktig å sikra tilgang på friskt plantemateriale som er tilpassa bonitet og høgdeklasse.

Den stadig aukande hjortebestanden gjer det vanskeleg å unngå skade på ungsog, og ei aktiv villtforvaltning er derfor også god skogforvaltning.

## **Rekruttering**

Etter som driftseiningane vert stadig større og meir høgteknologiske, vert det stadig dyrare å kjøpa seg inn i næringa. Det er behov for å leggja seg opp noko kapital før ein kan satsa på landbruket. Det kan vera ei av årsakene til at snittalderen på nye bønder er høg. Derfor er det viktig å ha tilbod om landbruksutdanning for vaksne. I tillegg er det viktig å behalda priskontrollen ved sal av landbrukseigedommar. Slik unngår ein at kjøpesummen vert for høg. På den måten sikrar ein at den nye eigaren kan finansiera kjøpet vha driftsinntektene på bruket. Det gjer det mogeleg for ungdom å konkurrera med pengesterke godt vaksne om kjøp av gardsbruk på den frie marknaden.

## **Drivarar for endring**

Sjølv om lista ikkje er uttømmende, synest me at det skulle vore med eit tema om internasjonale handelsavtalar og importvern. Tradisjonell volumproduksjon av frukt, kjøt, egg og mjølk er som regel berejelkar for det meste av dei spennande nye nisjeprodukta som dukkar opp. Norsk volumproduksjon er for tida fullstendig avhengig av eit fungerande importvern. Dessverre ser det ut til at pris trumfar verdiar som kvalitet, dyrevelferd og lokalprodusert hjå fleirtalet av forbrukarane. Pga naturgjevne forhold og lønns- og kostnadsnivå i Noreg, så er det ikkje mogeleg å konkurrera internasjonalt på pris. Derfor er det viktig å vera klar over at auka import kan slå beina under store delar av landbruket i Hordaland.



v/Peder Nernæs

**Fra:** Gerhard Inge Storebø (gerhard.i.storeboe@sund.kommune.no)

**Sendt:** 26.04.2018 10:20:44

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Oddlaug Hansen

**Emne:** 2017/14135 - Høyring Temaplan for landbruk i Hordaland

**Vedlegg:**

Sund kommune v/Landbruksnemnda handsama sak om framlegg til «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022» på møte 25.04.18.

Landbruksnemnda gav samrøystes fylgjande uttale til planen:

*Sund kommune er positiv til at fylkeskommunen har laga ein temaplan for landbruk som viser kva utfordringar og kva utviklingspotensiale landbruksnæringa i Hordaland har.*

*Sund kommune kunne gjerne sett at tiltak innanfor dei ulike innsatsområda kunne vore meir konkretiserte, men vonar at samspelet med andre aktørar – også kommunane – gjer at ein lukkast med målretta arbeid.*

*Spesielt vil Sund kommune peika på den utfordringa knytt til lønsemd som sauebruka no står oppe i. Det er ynskjeleg at Hordaland Fylkeskommune vurderer direkte innsats for å medverka til auka forbruk av lamme- og sauekjøt.*

*I høve til rekruttering meiner Sund kommune at talet på landbruksverksemdar i drift er ein viktig indikator – og vil be om at utviklinga her vert vurdert på line med andre indikatorar.*

*Når det gjeld oppfølging av planen, vonar Sund kommune at fylkeskommunen vil rapporta på dei indikatorane som vert vedtekne. Slike rapportar med vurdering av utviklinga må formidlast til kommunane. Rapportane vil kunna vera ein del av grunnlaget for prioriteringsdrøftingane opp mot kommunale landbruksplanar.*

Med venleg helsing

Gerhard Inge Storebø  
sekretær



Hordaland Fylkeskommune  
Næring –og samfunnsutvikling.

## Uttale - Temaplan for landbruk i Hordaland.

Voss kommunestyre har fylgjande merknader til Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022:

### Nedbygging av jordbruksareal:

Nasjonal kvote for nedbygging av dyrka jord er 4.000 da. Hordaland sin kvote for nedbygging av dyrka jord er sett til 140 da. Dette er 3,5 % av landskvoten. Skal denne kvoten få nokon verknad for kommunane, må han ytterlegare delast opp slik at kvar kommune får sin pott og kommunane vert pålagde å føra rekneskap undervegs i året.

Når nedbygging av jordbruksareal er nødvendig, skal det alltid tilretteleggjast for erstatningsareal. I kommunane sitt viktigaste planverktøy, kommuneplan – bindande arealplan, skal eigna erstatningsareal leggjast ut. **Konkret bør planen råda kommunane til å innføra same prinsipp som er innført på Voss: «Kommunen skal oppretthalda eit sterkt vern av produktive landbruksareal. Ved nedbygging av matjord skal all jord takast vare på, og det skal planleggast eit erstatningsareal i same plan som initierer nybygging». Dette bør inn som eit innsatspunkt og ein kan få på plass eit nytt kulepunkt side 12: «Utarbeide ei tilråding for føresetnader og kriterier som bør vere oppfylt for å kunne omdisponere landbruksareal til andre føremål, jf krav om at godkjent plan for erstatningsareal må vera på plass.».**

*Det viktigaste er uansett at jordbruksareal ikkje vert nedbygd, sidan flytting av jord og erstatningsareal er ei naudløysing som er problematisk i høve til jordbiologien, men likevel betre enn ingen tiltak.*

### Økonomien i landbruket.

Landbruket er ein sektor som er sterkt politisk styrt sentralt. Av den grunn er det naturleg å kommentera importvernet/tilskotsbruken sin verdi i temaplan som føresetnad for framtidig landbruk i Hordaland. **Vidare veit me at jordbruksoppgjæret er det avgjerande for økonomien til jordbruksnæringa. Difor bør planen vera klar på følgjande: I jordbruksforhandlingane må det koma klarare fram kva eigenverdi og nytteverdi landbruket har for andre næringar. Kulturlandskap samt produksjon av kortreist mat er avgjerande for at me skal ha eit berekraftig reiseliv i framtida. Landbruket på Voss og i Hardanger bør få auka overføringar for å løysa desse oppgåvene for samfunnet. Vidare ønskjer me at planen har ein strategi for å halde oppe dei tradisjonelle små og mellomstore vestlandsbruka. Dette ønskjer me inn som innsatsområde i planen.**

*Bakteppet for vår merknad er at Hordalandsjordbruket tapar i høve til andre regionar. Det skjer i dag ei flytting av jordbruksproduksjon til dei «beste» jordbruksområda i landet, medan bruk vert lagt ned i vårt fylke. Frå 2002 og fram til 2017 har produksjonen av kjøtt auka med rundt 50% i fylka Rogaland, Hedmark og Nord-Trøndelag. I Hordaland har derimot produksjonen av kjøtt vorte redusert med 10% i same tidsrommet, og fylket vårt er dermed eit av fylka med svakast utvikling. (kjelde: Landbruksdirektoratet) Dette uroar oss sterkt, sidan*



*me veit at trass i ein utfordrande topografi, så ligg det særst godt til rette for kvalitetsproduksjon i Hordaland, med god tilgang på friske fjellbeite og grøderikt jordsmonn.*

### **Auka lønsemd i noverande produksjonar**

Planen må oppdaterast på marknadssituasjonen. Med unntak av frukt, sider og grønt stangar ein pr. april 2018 i taket på mjølk og kjøt.

### **Skog**

Når no Fylkesmannen i Hordaland trekkjer seg ut som aktør på skogsvegbygging, er det svært ynskjeleg at Hordaland Fylkeskommune overtek denne rolla.

### **Klima og bioøkonomi:**

Endra driftsforhold pga klimaendringane er godt omtalt i planen. Voss kommune ønskjer her at ein er endå meir konkret med tanke på dei utfordringane me står overfor. Voss kommune ønskjer difor at det i planen vert vist til gode tiltak for å tilpassa seg klimaendringane og for å gjera ein klimainnsats.

*Og i eit klimarekneskap for landbruket er det viktig å få ned utsleppa. Men samstundes har jordbruket unike mogelegheiter til å ta hand om klimagassar, og såleis bidra positivt. Gjennom fotosyntesen vert det fanga CO<sub>2</sub>, som så kan lagrast i matjorda. Dette føreset at ein set jorda og mikrolivet der i stand til å gjera denne jobben, noko ein vil søkja å greia ut i Voss Kommune sitt prosjekt med karbonlagring i jord. Om dette kan dokumenterast og føra til driftstilpassingar i jordbruket, kan dei positive mogelegheitene i klimakampen vera store.*

Me vil difor peika på følgjande tiltak:

Karbonlagring gjennom jordforbetring, jf Voss kommune sin klima- og energiplan

Betre rutinar for avrenning og gjødsling, jf Voss kommune sin klima- og energiplan

Biogass, jf Voss kommune sin klima- og energiplan

Auka innsats for grøfting

**Framlegg til andre endringar:** S 5, linje 11, og i andre strekpunkt i første kolonne på side 6: « ... auka produksjon **og verdiskaping** på lokale ressursar ....»

Endring/tillegg i tredje kulepunkt side 22: «Stimulere til auka verdiskaping i verdikjeda for fukt og bær, **og for landbruksprodukt generelt**, og auke berekraftig ....»

Med helsing  
Voss kommune  
Ordføraren  
Hans Erik Ringkjøb

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Mottakar:  
Hordaland fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune, Heidi Bjønnes Hagen



**voss**kommune

# Høyringsinnspel til Hordaland Fylkeskommune sin «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022»

## Voss naturvernlag har følgjande innspel til planen:

Planen peikar på mange viktige problemstillingar, men er samtidig ganske så generell og lite forpliktande.

Sett i eit miljøvernperspektiv kan ein leggja seg på minne denne setninga frå innleiinga i temaplanen:

*«Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å leggja kostnadane over på framtidige generasjonar.»*

Eit slikt behov er å kunna vera ute i skog og mark som ikkje er prega eller øydelagt av menneskeleg aktivitet. Også landbruket har eit ansvar for at dette skal kunna opplevast av framtidige generasjonar.

Bygging av skogsbilvegar, nyplanting av granskog, flatehogst og skogsmaskiner er med å forringa naturen for dei som kjem etter oss. Så parallelt med at ein arbeider for mindre nedbygging av dyrka mark, er det viktig også å ta vare på naturperler, utferdsområde og landskapstypar. Det er kanskje nettopp desse naturverdiane som er viktigast for reiselivet, og som får folk til å busetja seg i bygda.

Med eit hovudmål i planen om effektivitet og lønsemd, fylgjer kravet om eit meir industrielt og maskinelt jordbruk. Økologisk eller biodynamisk drift er ikkje nemnt i planen, og er følgjeleg noko ein ikkje ser for seg å stimulera. Ein plan for berekraftig landbruk burde seia noko om kva tankar ein gjer seg om bruk av sprøytemidlar, meir bruk av antibiotika i stordrift, og overskot av gjødsel ved intensiv drift. Dette er ting som påverkar natur og miljø både lokalt og i større perspektiv.

Ved å ikkje stimulera småskala- og deltidsbønder, vil gjengroing og endringar i kulturlandskapet skyta fart og gamle slåtteeuger med stort artsmangfald og tradisjonsrik historie forsvinna. Før utvikla landbruket seg i pakt med naturen og skapte unike lokalmiljø gjennom drift og bygningar, stølar og beiting. Ein plan som spesifikt legg opp til mest mogeleg intensiv drift, får følgjer for kvar det blir buande folk i framtida, og mange av dei levande landskapa som turistar og andre i dag set pris på, vil forsvinna.

Landbruk som nyttar seg av importert kraftfor kan knapt kallast berekraftig. Ein plan for berekraftig landbruk bør stimulera til mest mogeleg lokal fôrproduksjon og beite.

Å ha «Industri 4.0» som eit eige avsnitt, med opprømsing av diverse kommersielle aktørar og nettadresser i denne fireårs temaplanen, ser me på som ein skivebom. Å ha tru på teknologi er vel og bra. Men sett på bakgrunn kor lite konkret mange andre tema er handsama i denne planen, så verkar dette avsnittet underleg. T.d er teknologi som går ut på å halda dyr på plass ved hjelp av frykt for usynlege grenser, kontroversielt og lite utgreidd med tanke på dyrevelferd.

Voss, 30.04.2018  
For Voss naturvernlag  
Inge Draugsvoll